

# Vindafjordskulen 2019

## Kvalitets- og utviklingsmelding



Den årlege tilstandsrapporten inngår som ein del av det ordinære plan-, budsjett- og rapporteringsarbeidet hos skuleeigaren og har kvalitetsutvikling som siktemål.

*Bileta i Kvalitets- og utviklingsmeldinga for Vindafjordskulen 2019 er frå Vik oppvekstsenter, Vats skule. Bruk av bileta er godkjend etter personvernlova.*

# Vindafjordskulen 2019

## Kvalitets- og utviklingsmelding

### Lovkravet

Det er fastsett i opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa. I Meld. St. 31 (2007-2008) framgår det at det er viktig at styringsorgana i kommunar og fylkeskommunar har eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa. Dette er nødvendig for å følgje opp utviklinga av sektoren på ein god måte, og det blir ytterlegare forsterka i Meld. St. 21 (2016-2017), der gode lokale og sentrale system for kvalitetsutvikling i skulen er sentrale tema. Den årlege rapporten skal drøftast av skuleeigar dvs. Kommunestyret (jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd).

### Innhaldet i tilstandsrapporten

Rapporten om tilstanden i opplæringa skal som eit minimum omtale **læringsresultat, fråfall og læringsmiljø**, men skuleeigar kan omtale andre resultat og bruke andre data ut frå lokale behov.

Læring, meistring og utvikling er skulens hovudoppdrag. Opplæringslova sin formålsparagraf for grunnopplæringa seier mellom anna:

*Opplæringa .... skal, i samarbeid og forståing med heimen, opne dører mot verda og framtida og gi elevane historisk og kulturell innsikt og forankring.*

*Opplæringa skal fremje demokrati, likestilling og vitskapleg tenkjemåte.*

*Elevane .... skal utvikle kunnskap, dugleik og holdningar for å kunne meistre liv sine og for å kunne delta i arbeid og fellesskap i samfunnet.*

*Dei skal få utfalde skaparglede, engasjement og utforskartrøng.*

Målet er at kvart enkelt barn skal utvikle ferdigheiter, haldningar og kunnskap for å meistre livet sitt på ein god måte, både her og nå og i framtida. Opplæringa skal setje dei i stand til å ta vare på dei verdiane som er nedfelt i dei overordna styringsdokumenta. Elevane våre skal ut i ei verd og inn i ei framtid vi ikkje heilt veit korleis vil kome til å sjå ut. Læringsoppdraget må derfor utfordre både i nåtida og for framtida. Barn og unge er ein viktig ressurs for Vindafjord kommune, og skulen si aller viktigaste oppgåve er å gjere alle elevane våre i stand til å gjennomføre vidaregåande opplæring og ev. vidare utdanning, og å delta aktivt i arbeidslivet og samfunnet som vaksne.

Dei overordna **sektormåla for grunnopplæringa**<sup>1</sup> er:

1. Alle har eit godt og inkluderande læringsmiljø
2. Barn og unge som har behov for det, får hjelp tidleg slik at alle får utvikla potensialet sitt
3. Dei tilsette i kunnskapssektoren har høg kompetanse
4. Alle lykkast i opplæringa og utdanninga

Det overordna målbiletet for grunnopplæringa skal danne grunnlag for prioritering av faglege mål og temaområde, og for utvikling av nye tiltak og virkemiddel.

Når det i denne kvalitets- og utviklingsmeldinga er gjort vurderingar av tilstanden i skulesektoren i 2019, er det på grunnlag av sektormål, gjeldande læreplanverk (LK06) og målsettingar i kvalitets- og utviklingsmeldinga 2018, kap. 4.

## **Nasjonalt kvalitetsvurderingssystem**

Rapporten om tilstanden i opplæringa er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Kvalitetsvurdering er å sammenstille informasjon og data som grunnlag for å drøfte kvaliteten på opplæringa internt på ein skule eller i ein kommune/fylkeskommune, og for å drøfte kvaliteten i større delar av eller i heile utdanningssektoren. Målet er kvalitetsutvikling og læring. Det er naturleg at det blir stilt spørsmål ved samanhengen mellom kvalitet på opplæringa ved den enkelte skule og mellom skulane og resultatane i dialogen med skuleeigar.

Skuleeigar si plikt til å utarbeide årlege rapportar om tilstanden i grunnopplæringa er ein del av oppfølgingsansvaret knytt til det generelle systemkravet (internkontroll), jf. opplæringslova § 13-10 andre ledd og privatskulelova § 5-2 tredje ledd. Kravet til internkontroll omfattar alle plikter som skuleeigar har etter lov og forskrift. Det generelle systemkravet er derfor meir omfattande enn det tilstandsrapporten minimum skal dekke.

## **Personvern**

Tal som blir lasta inn direkte frå Skoleporten, kan for små einingar innehalde indirekte identifiserbare opplysningar. Dette kan vere taushetsbelagte opplysningar etter forvaltningslova § 13 og/eller personopplysningar etter personopplysningslova § 2 nr. 1. Tilsvarande kan og gjelde for lokale indikatorar. Desse opplysningane må handsamast i tråd med det som er bestemt i forvaltningslova og/eller personopplysningslova.

---

<sup>1</sup> *Tildelingsbrev til Utdanningsdirektoratet for budsjettåret 2019* (Kunnskapsdepartementet)

## Innhald

1. Samandrag.....	7
Elevar og undervisningspersonale .....	7
Tilpassa opplæring og spesialundervisning .....	7
SKULEMILJØ.....	7
Motivasjon og meistring.....	8
Trivsel og tryggleik.....	9
Klasseleiing .....	9
Læring og vurdering.....	10
LÆRINGSRESULTAT .....	11
Kartleggingsprøver og nasjonale prøver .....	11
Sluttvurdering.....	12
Skulebidragsindikatorar.....	13
Gjennomføring i vidaregåande opplæring.....	14
2. System for kvalitetsvurdering og skuleutvikling i Vindafjord .....	16
3. Hovudområde.....	18
3.1. ELEVAR OG UNDERVISNINGSPERSONALE .....	18
Nøkkeltall .....	18
Tilpassa opplæring og spesialundervisning .....	19
3.2 SKULEMILJØ.....	21
Motivasjon og meistring.....	22
Trivsel og tryggleik .....	25
Klasseleiing .....	28
Læring og vurdering.....	31
3.3 LÆRINGSRESULTAT .....	36
Lesing.....	39
Rekning.....	44
Engelsk.....	48
Sluttvurdering.....	52
Skulebidragsindikatorar.....	56
Gjennomføring i vidaregåande opplæring.....	59
4. Vindafjordskulen i utvikling .....	63



# 1. Samandrag

## Elevar og undervisningspersonale

Elevtalet i kommunen har vore stabilt mellom 1116-1111. Ordinær opplæring med tilrettelagt og styrka undervisning dekker hovudtyngda av opplæringa. Samstundes er pedagogårsverka reduserte samla sett. Lærarnorma - 1 pedagog pr. 15 elevar i snitt i 1-4. trinn og 1 til 20 elevar i 5-10.trinn er vanskeleg å halde for alle skulane, sjølv om snittet for kommunen er ca. 1 lærar pr. 10 elevar.

## Tilpassa opplæring og spesialundervisning

Delen av elevane i Vindafjord som får spesialundervisning skuleåret 2019-2020 ligg på 7,02 %. Dei siste tre åra har elevgruppa som får spesialundervisning i Vindafjordskulen lege litt under nasjonalt nivå.

Timar til spesialundervisning har gått litt opp siste året, medan pedagogtimar til ordinær undervisning er redusert med 2400 t. Det har gitt mindre rom for tidleg innsats / intensiv styrking i korte periodar.

Talet på assistentimar knytte opp til spesialundervisning har stabilisert seg på vel 12000 t dei to siste åra, ein reduksjon på ca. 6700 t sidan 2015. Tala indikerer at spesialundervisninga er meir pedagogstyrt.

Over tid er det arbeidd med at dei fleste elevar skal få opplæring i det ordinære, gjennom til dømes tidleg innsats når utfordringar blir avdekkja. PPT har fast møtetid og kontaktperson(ar) ved kvar skule, som kan rådgje i samband med utfordringar. Det er faste prosedyrar for arbeid på system- og individnivå.

## SKULEMILJØ

Elevane sitt skulemiljø er eit sentralt satsingsområde for Vindafjord. Eit trygt og godt skulemiljø er ein føresetnad for trivsel og læring i skulen. Vindafjordskulen har nulltoleranse for mobbing, diskriminering, vald og rasisme.

Alle elevar har rett på eit trygt og godt skulemiljø. Kapittel 9A i opplæringslova gir skulane tydelege føringar for kva dei skal gjere når dei har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Skulane utarbeider ein tiltaksplan, ein såkalla *aktivitetsplan* i slike tilfelle. Skuleeigar har plikt til å sikre at elevane får oppfylt denne retten. Opplæringslova kapittel 9A og § 13-10 i same lova er styrande for dette arbeidet. Det skal arbeidast både systemretta og individretta. Kommunen har ein vedtatt plan for dette (2017). Planen vil bli evaluert og revidert hausten 2020.

Vindafjordskulen har starta opp ulike tiltak for å fremje eit trygt og godt skulemiljø, desse blir det gjort meir greie for i kap. 4, *Vindafjordskulen i utvikling*.

Som ein del av arbeidet med å utvikle elevane sitt skulemiljø og opplæringstilbod, er grunnskulane i Noreg pålagt å gjennomføre *Elevundersøkinga* for elevar på 7. og 10. trinn kvart år, og det er dette utvalet som er brukt i Kvalitets- og utviklingsmelding 2019. Resultat frå *Elevundersøkinga* blir brukt aktivt av skuleeigar og ved den enkelte skole for å vurdere kvaliteten på skulemiljøet og opplæringstilbodet til eleven. Tema i *Elevundersøkinga* som handlar om trygt og godt skulemiljø, trivsel og mobbing er satsingsområde i Vindafjordskulen.

I kvalitets- og utviklingsmeldinga blir eit utval indeksar frå *Elevundersøkinga* presentert. Desse er gruppert og samla under følgjande overskrifter:

### **Motivasjon og meistring**

Motivasjon, innsats, meistring og fagleg utfordring har betydning for elevane si læring, og skulen må alltid ha som mål å skape eit engasjement for skulearbeidet på alle trinn.

Pedagogisk forskning slår fast at motivasjonen synk utover i skuleløpet. Vi ser det same biletet i våre skular.

Når det gjeld motivasjon og meistring på barnetrinnet er det stabile resultat over tid i Vindafjord. Resultata på elevundersøkinga følgjer òg snittet for både fylket og landet. Vindafjord ligg litt under snittet på motivasjon og litt over på meistring på 7. trinn. Vi ser likevel at snittet for motivasjon i kommunen er noko lågare dette året enn dei fire siste åra.

Når det gjeld motivasjon og meistring på ungdomstrinnet, ligg både kommune, fylket og landet noko under resultata for barnetrinnet. Vindafjord ligg marginalt under fylket og landet når det gjeld motivasjon, men avstanden til dei er ikkje større enn tidlegare.

Samanlikna med dei to siste åra er det ein svakt positiv tendens for kommunen. På litt lengre sikt ser vi imidlertid at motivasjonen har sunke 0,4 poeng. For meistring er resultata stabile og like dei vi ser frå fylket og landet.

Ikkje alle elevane våre er så motivert for skulearbeidet som ein kunne ønske, spesielt på ungdomstrinnet. Dette er i og for seg ikkje uvanleg, men det er grunn til å vere på vakt når elevane våre ligg under nasjonalt snitt på området, sjølv om det bare er marginalt. Det er samstundes positivt at elevane i Vindafjord ligg på eller over nasjonalt snitt for indikatoren *meistring*.

Det er eit mål nasjonalt at nytt læreplanverk (LK20) som nå er innført, skal føre til auka motivasjon, mellom anna gjennom meir fokus på djupnelæring, tverrfagleg fokus, elevinvolvering og medbestemming.

Låg og/eller synkende motivasjon bør alltid bli tatt alvorleg, fordi motivasjon fremjer læring og påverkar dei vala elevar tar. I Vindafjordskulen skal det bli sett eit ekstra fokus på tiltak som kan fremje motivasjon for elevane våre.

### **Trivsel og trygghet**

Å trivast på skulen er eit viktig mål i seg sjølv. Alle elevar har ein individuell rett til eit skulemiljø som fremjer trivsel og tryggleik etter kapittel 9A i opplæringslova. Forsking viser positive samanhengar mellom god trivsel, helse og læring. Alle elevar skal oppleve å høyre til. Inkludering handlar om ein målretta innsats over tid, for å skape trygge og gode skulemiljø.

Elevane på 7. trinn i Vindafjord uttrykker at dei trivst på skulen. Samanlikna med Rogaland og Noreg kjem ein ut nokonlunde likt. Ein skal merke seg at det er litt lågare skår enn tidlegare for Vindafjord.

Dei fleste elevane på 10. trinn i Vindafjord gir uttrykk for at dei trivst på skulen. Samanlikna med Rogaland og Noreg ligg ein litt under, noko ein ikkje kan slå seg til ro med. Det er litt lågare skår enn tidlegare for Vindafjord.

I *Elevundersøkinga* får elevane spørsmål om dei har blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadene, og kor ofte. Dei blir og spurt om kva slag mobbing dei vert utsette for. Det er eigne spørsmål om mobbing frå vaksne, digital mobbing og om dei sjølv har mobba nokon.

Nokre elevar på 7. og 10. trinn kjenner seg mobba av andre elevar. Det er òg elevar som er utrygge på vaksne. Resultata samla for Vindafjordskulen viser at dei fleste elevane kjenner seg trygge eller ganske trygge på skulen, i friminutt og på veg til skulen. Tala er nokså stabile over tid for Vindafjord og gruppene me samanliknar med, men Vindafjord har hatt lågare skår enn både Rogaland og Noreg. For 2019 er forskjellen marginal.

Meldingane frå elevane syner at ein heile tida må ha fokus på kva som ligg bak avvika. Det inneber at kvar skule må bruke tid på å analysere eigne resultat, og at skuleeigar må leggje til rette for kompetanseutvikling og kvalitetssikre gjennomføring. Tiltak initiert av skuleeigar er i gang.

### **Klasseleiing**

Klasseleiing handlar om læraren si evne til å skape eit godt læringsmiljø i klassen, skape gode relasjonar til elevane, utarbeide klassereglar saman med klassen, etablere arbeidsro og motivere og støtte elevane i læringsarbeidet, tilpassa den enkelte sine føresetnader og behov. Det handlar òg om i kva grad elevane får læringsfremjande tilbakemeldingar.

Elevane på barnetrinnet i Vindafjord seier at dei får støtte frå lærar og opplever at det er felles reglar i klassen og på skulen og arbeidsro i timane. Dei skårar likt med 7. klassingane i Rogaland og resten av landet, eller marginalt over. Elevane på barnetrinnet i Vindafjord rapporterer, i samsvar med elevane på same trinn i fylket og landet for øvrig, at dei opplever medverknad.

Dei fleste elevane på ungdomstrinnet rapporterer at dei får støtte frå lærar. Dette året ligg kommunen vår marginalt under fylket og landet. Når det gjeld felles reglar, ligg tala likt med fylket og litt over nasjonalt nivå.

Elevane på ungdomstrinnet opplever noko mindre grad av medverknad enn elevane på barnetrinnet, men resultatet samsvarar med snittet for Rogaland og nasjonalt nivå. Når det gjeld andel elevar som opplever arbeidsro i timane er det positive tal. Elevane på ungdomstrinnet i Vindafjord skårar dette høgare enn både elevane på barnetrinnet og ungdomstrinnselevane i fylket og landet for øvrig. Dei skårar òg høgare dette året enn dei tre føregåande.

Elevane i Vindafjordskulen har i hovudsak gode relasjonar til lærarane sine og er i stor grad fornøgde med den støtten og oppfølginga dei får av lærarane. At nokre elevar på barnetrinnet ikkje opplever arbeidsro er ei utfordring som skuleeigar tar på alvor. Det har vore ei positiv utvikling på området, men ein må fortsetje å jobbe systematisk med dette over tid.

## **Læring og vurdering**

Det skal skapast ein kultur for læring, og elevane skal få utfordringar som gjer dei i stand til å utvikle seg i tråd med føresetnadene sine. Vurdering undervegs og støtte frå heimen blir viktige faktorar i denne samanhengen.

Undervegsvurdering skal bli gitt løpande i opplæringa for å fremje læring. Informasjon om kva eleven kan og kva eleven må jobbe meir med, skal brukast til å tilretteleggje opplæringa til elevane sine ulike behov.

Elevane på 7. trinn i Vindafjord svarar her i svært stor grad i samsvar med elevane på dette trinnet i fylket og nasjonalt, men med noko meir variasjon. For indikatoren 'Læringskultur' viser resultatata for dette året ei klar positiv utvikling. Elevane på 7. trinn gir tilbakemelding om at dei framleis i relativt liten grad får vere med på å vurdere eige skulearbeid, og dei seier i mindre grad enn tidlegare at dei får tilbakemeldingar som dei kan bruke til å bli betre i faga.

Tala på ungdomstrinnet viser i hovudsak same tendens på desse indikatorane som for barnetrinnet, både kommunalt og samanlikna med Rogaland og nasjonalt snitt. Resultata er på middels nivå. Elevane på 10. trinn opplever mindre eigenvurdering og involvering enn

elevane på 5. trinn, og det er på omtrent same nivå som dei siste tre åra og samsvarar med dei vi samanliknar oss med.

Når relativt få elevar på 7. trinn og svært få elevar på 10. trinn oppgir at dei blir involvert i vurderinga av eiga læring, er det noko kommunen tar på alvor, sjølv om det er ein marginal positiv utvikling på dei fleste spørsmåla dei siste par åra og dei samla sett ligg på nivå med både fylket og landet. Planane for vidare utvikling i Vindafjordskulen tar høgde for det.

## LÆRINGSRESULTAT

### Kartleggingsprøver og nasjonale prøver

I Vindafjord har ein plan over kva for kartleggingar og undersøkingar som er obligatoriske i kommunen vår. Kartleggingsrøvene vert gjennomført på skulenivå, og skal vere eit verktøy for å identifisere dei som strevar tidleg, og for å justere og leggja tilrette undervisninga best mogleg for alle elevar.

Nasjonale prøver vurderer i kva for grad skulen lykkast med å utvikle elevane sine ferdigheitar i lesing, rekning og i delar av faget engelsk. Prøvene i lesing og rekning er ikkje prøver i fag, men i grunnleggjande ferdigheitar i alle fag. Prøvene i engelsk tar derimot utgangspunkt i kompetansemål i det faget.

Kvalitets- og utviklingsmeldinga skal gi eit bilete av dei ulike årskulla si utvikling over tid.

#### *Lesing*

Resultata på kartleggingsprøvene i lesing i 2019 skil seg ikkje ut frå tidlegare kartleggingar. På alle dei tre trinna der prøvene er obligatoriske, er 70 (+/-5) prosent over bekymringsgrensa. Det blir sett inn tiltak for dei elevane i Vindafjord som ligg under bekymringsgrensa. Utarbeidd leseplan for 1. -7.klasse (2020) gir grunnlag for skuleeigar til å kvalitetssikre arbeidet gjennom heile skuleløpet.

Når det gjeld nasjonale prøver i lesing ligg Vindafjord under nasjonalt nivå på meistringsnivå 1 og 3 i 5. klasse Dette involverer alle fag. Klasselærarane har fokus på utfordringar som kjem fram i nasjonal prøve for 5., 8. og 9.trinn.

På 8. trinn ser dei siste resultata ut til å vere positive for vindafjordelevane. Det er færre elevar på dei to lågaste nivåa enn i fylket og landet, og det er òg færre på desse nivåa enn åra før. For skuleåret 2019-20 er det òg fleire elevar på dei høgaste nivåa enn i fylket og landet. Tidlegare har det vore omvendt.

Elevane på 9. trinn gjennomfører den same nasjonale prøva i lesing som elevane på 8. trinn. Hausten 2019 aukar snittet for vindafjordelevane meir enn landssnittet, og meir enn det som er forventa.

#### *Rekning*

Kartleggingsprøvene i rekning måler forståing av omgrep og evne til å bruka dei i rekning. Prøvene skal brukast i klasserommet og på skulen slik at utfordringar vert oppdaga tidleg, og tiltak blir sett i verk. Nasjonale prøver i rekning kartlegg rekneferdigheitar sett opp kompetansemål i alle fag, og er ikkje ei prøve i matematikk som fag.

For mange elevar i Vindafjord hamnar framleis på eit for lågt nivå på kartleggingsprøver og nasjonale prøver i rekning, og ein jobbar for å løfta fleire elevar opp på eit høgare meistringsnivå. Talet på elevar på det høgaste meistringsnivået på nasjonale prøver er noko under snittet for fylket og nasjonalt. Dei siste åra har kommunen satsa på vidareutdanning i matematikk gjennom ordninga 'Kompetanse for kvalitet'. I perioden 2018-21 gjeld dette 14 lærarar. For å nytta kompetansen i kommunen, må skuleeigar leggje til rette for at lærarar kan lære av kvarandre i profesjonelle læringsfellesskap.

### **Engelsk**

Kartleggingsprøvene i engelsk testar elevane sine lese- og lytteferdigheitar i engelsk. Prøvene er ikkje utvikla for å brukast som samanlikning eller styringsinformasjon. Kartleggingsprøva i engelsk er bare obligatorisk gjennomført på 3. trinn. Våren 2019 låg om lag 75 prosent av dei elevane som tok prøva i Vindafjord, over den definerte bekymringsgrensa.

Resultata på Nasjonale prøver i engelsk på 5. trinn i Vindafjord har ein nedadgåande tendens frå 2015-2019. I 2019-20 skårar nær halvdel på dette trinnet på meistringsnivå 1. Det er òg få elevar på nivå 3, med noko variasjon frå år til år. Utviklingstendensen er ikkje den same i fylket og landet.

For 8. trinn ser vi større svingingar i den same perioden. Andelen elevar på nivå 1 (det lågaste) er høgare i 2019-20 enn året før, men lågare enn i 2017-18. Resultata på landsbasis og i fylket ligg stort sett over resultata for Vindafjord og svingar mindre frå år til år.

Det kan sjå ut som ein ikkje har hatt ønskeleg utviklinga i engelskfaget Vindafjord, dette ser ekstra tydeleg ut på barnetrinnet. Resultata i engelsk ved slutten av ungdomstrinnet (standpunkt og eksamen) gir ikkje same bilete.

Ein har dei siste åra satsa på vidareutdanning i engelsk for lærarar, spesielt frå barnetrinnet. Frå 2017 til 2021 får tolv lærarar vidareutdanning i engelsk gjennom ordninga 'Kompetanse for kvalitet'. Barnetrinnet er prioritert. Denne satsinga må fortsetje, i tillegg til at skuleeigar legg til rette for deling i profesjonelle læringsfellesskap.

### **Sluttvurdering**

Standpunktarakterar og karakterar eksamen utgjer det som i vurderingsføresegna er beteikna som *sluttvurdering*, dvs. kva kompetanse eleven har oppnådd i faget målt mot læreplanverket ved avslutninga av opplæringa i faget. Den gjeldande karakterskalaen er 1-6, med 6 som beste karakter.

## **Norsk**

Standpunktresultata våre i norsk våren 2019 er som fylkes- og landsgjennomsnittet eller litt over. Det har vore svake svingingar i standpunktresultata i løpet av dei siste fem åra. Gjennomsnittlege eksamenskarakterar i norsk viser stigande tendens over dei same åra. Vindafjordelevane skårar høgare på alle dei tre eksamenane i norsk enn både fylket og resten av landet i 2019.

## **Matematikk**

Standpunktkarakterar i matematikk i Vindafjord har variert noko i perioden som er vist i meldinga. Dei fleste åra har desse karakterane lege på eller rett under fylket og landet. I 2019 skårar elevane i Vindafjord framleis noko under snittet for fylket og landet. Eksamensresultata varierer ein del frå år til år, spesielt i skriftleg matematikk. Etter ein periode med lågare resultat er dei i 2019 på nivå med fylket og heile landet.

## **Engelsk**

Standpunktkarakterane i engelsk i Vindafjord skulen ser ut til å liggje stabilt omtrent på nivå med fylket og landet, av og til rett over, og av og til rett under. Det gjeld òg for 2019. På skriftleg eksamen følgjer Vindafjord i stor grad utviklinga for Rogaland og landet.

Tendensen er at ein ligg marginalt under, og det ser vi òg i 2019. Resultat på munnleg eksamen ligg tradisjonelt over det elevane oppnår på den skriftlege. Dei siste åra har avgangselevane i Vindafjord skåra noko lågare enn snittet i Rogaland og nasjonalt.

Sluttvurderingsresultat generelt i grunnskulen i Vindafjord ligg tett opp til resultata i Rogaland og resten av landet. Både over tid, og for skuleåret 2018-19. Sluttvurderinga i norsk ser ut til å kome best ut for Vindafjord, både når det gjeld stabilitet og faktiske resultat.

Ein ser likevel ikkje det same biletet i matematikk og engelsk, og det inneber at det må leggjast til rette for profesjonell refleksjon og læring med sikte på å etablere seg stabilt på landssnittet i desse faga òg.

## **Skulebidragsindikatorar**

Skulebidragsindikatorane skal gi ein indikasjon på kva skulen sin innsats har å seie for elevane sine resultat. Indikatorane skal brukast i det lokale arbeidet med skular, og må sjåast i samanheng med annan informasjon om skulen.

Kvar elev som begynner på ein grunnskule har med seg mange føresetnadar som påverkar resultata han eller ho får. Det er derfor uklart kva vi kan tilskrive skulen sin innsats og kva som handlar om tidlegare resultat og foreldrebakgrunn. Det er likevel skulen sin innsats skulebidragsindikatorane forsøker å vise. Skulebidragsindikatorane er ikkje ei absolutt sanning, og dei gir ingen forklaring på kvifor bidraget er som det er.

Grunnlaget for indikatorane er:

- **1.-4. trinn og 5.-7. trinn:** Elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i engelsk, lesing og rekning.
- **8.-10. trinn:** Elevane si læring i eksamensfaget eleven kjem opp i.

Ein skulebidragsindikator kan tolkast som forskjellen mellom det elevane faktisk oppnår og det som er forventa.

Kort oppsummert bidrar skulane i Vindafjord mindre enn forventa i småskulen, omtrent som forventa eller litt over på mellomtrinnet og i varierende grad frå år til år på ungdomstrinnet.

### **Gjennomføring i vidaregåande opplæring**

Eksamens- og standpunktkarakterar viser elevane sitt utbytte av 10 års grunnskuleopplæring og dannar grunnlaget for vidare skulegang, studier og yrkesliv. Det er desse karakterane som utgjør grunnskulepoeng. Desse har betydning for kor sannsynleg det er at elevane gjennomfører og består vidaregåande opplæring. Elevane i Vindafjord har over tid grunnskulepoeng på nivå med Rogaland og heile landet. Vi ser det same i 2019.

Elevane med 'manglande grunnskulepoeng' har karakter i færre enn halvparten av faga frå grunnskulen. I Rogaland har andelen av desse auka mykje sidan 2009. Her merkar Vindafjord seg ut i spesielt positiv retning. Kun 0,9 prosent av avgangselevane i 2019 mangla grunnskulepoeng, mot i snitt over 5 prosent i Rogaland og landet. Denne låge prosenten har halde seg stabil over fleire år.

Foreldre/dei føresette sitt utdanningsnivå har innverknad på både elevane sine grunnskulepoeng og for kor sannsynleg det er at dei fullfører vidaregåande opplæring. Vindafjord har relativt sett færre personar med høgare utdanning enn landsgjennomsnittet.

Elevane som fullfører vidaregåande opplæring har betre føresetnader for aktiv deltaking i arbeidsliv og samfunnet på sikt. I 2019 er Rogaland tredje best i landet på gjennomføring med 78,1 prosent. Landsgjennomsnittet er 75,3 prosent.

For dei vindafjordelevane som starta i vidaregåande skule hausten 2013 (statistikk 2019) er tilsvarande gjennomføringsgrad 87,6 prosent. Dette er opp 7,6 prosentpoeng samanlikna med målinga året før. Samla sett har Rogaland fylke hatt ein lågare auke enn Vindafjord. Det same gjeld snittet for landet. Vindafjord har ein høgare gjennomføringsgrad enn dei andre kommunane i Nord-Rogaland. Statistikk viser at gjennomføringsgraden er høgare på studieførebuande program enn på yrkesfaglege, og det er positivt at Vindafjord har ein så høg gjennomføringsprosent sjølv om ein relativt stor del av elevane (om lag 60 prosent) tradisjonelt vel yrkesfaglege program. Det inneber at òg vindafjordelevane med under 30

grunnskulepoeng har høg grad av gjennomføring på normert tid. Statistisk sett har desse elevane 20 prosents sjanse for å gjennomføre og bestå i løpet av fem år.



## 2. System for kvalitetsvurdering og skuleutvikling i Vindafjord

Vindafjord kommune har utarbeidd ein felles strategiplan for barnehage og skule, *Pedagogikk og strategi i skule og barnehage 2016-2020*. Strategiplanen gir retning og innhald for dei vala og prioriteringane som blir gjort i skulesektoren:

### VISJON

*«Barnehage og skule skal saman gi alle elevar eit læringsløp der kvart ein skild barn får oppfylt sitt fulle faglege potensial og blir eit trygt, aktivt og sjølvstendig menneske.»*

### SLAGORD

*«Saman for læring - læring for livet»*

Revidering av dette strategidokumentet vil skje i løpet av 2021. Det inneber ei oppdatering i tråd med Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020. I kap. 4 i denne kvalitets- og utviklingsmeldinga kjem vi meir inn på dette.

Forskrift til opplæringslova forpliktar den enkelte skulen til jamnleg å vurdere i kva for grad elevane sitt opplæringstilbod medverkar til å nå dei målsetjingane som er fastsett i læreplanverket. Skuleeigar har ansvar for å sjå til at den skulebaserte vurderinga blir gjennomført i samsvar med forskriften. Dette inneber mellom anna at skuleeigar skal ha system for innhenting av opplysningar som trengst for å vurdere tilstanden og utviklinga innanfor opplæringa.

Til hjelp for skulane i den stadig pågåande prosessen mot «den gode skole», blir det gjennomført årleg nasjonale prøver og ei rekke kartleggingar og elevundersøkingar. Resultat skal brukast til rettleiing og utvikling av enkeltelevar, men dannar samstundes grunnlag for utvikling av skulane som lærande organisasjonar. Dette inneber at skulane skal tilegne seg nødvendig ny kunnskap, men òg at dei tilsette på den enkelte skulen i større grad nyttiggjer seg den kunnskapen som allereie finst, som grunnlag for ei betre opplæring for eleven.

Under følgjer ei kort beskriving av ulike system som blir brukt for registrering, publisering, analyse og oppfølging av resultat i Vindafjord.

### Skoleporten

Skoleporten er eit verktøy for vurdering av kvalitet i grunnopplæringa. Målet med Skoleporten er at skular, skuleeigar, føresette, elevar og andre interesserte skal få tilgang til relevante og pålitelege nøkkeltall for grunnopplæringa.

### Conexus Engage

Engage samlar og samanstillar vurdering og kartlegging. Læraren får eit enkelt og brukarvennleg system som effektiviserer hendingane av kartleggingsprøver og -verktøy.

Skuleleiinga får standardisert skulen sitt arbeid med kartlegging, og kan bistå lærarane i gjennomføringa og oppfølginga av kvar enkelt elev. Skuleeigar kan ta ut status på gjennomføringa og sjå aggregerte resultat på skulenivå for heile kommunen.

### **PAS – prøveadministrasjonssystem**

Utdanningsdirektoratet har ein analyserapport i PAS som inneheld alle resultat frå gjennomføring av nasjonale prøver og eksamen.

### **Årleg rapport om tilstanden i opplæringa**

Det er som nevnt i innleiinga fastsett i opplæringslova at skuleeigar pliktar å utarbeide ein årleg rapport om tilstanden i opplæringa, og styringsorgana i kommuner og fylkeskommuner må ha eit bevisst og kunnskapsbasert forhold til kvaliteten på grunnopplæringa (Meld. St. 31 (2007–2008), *Kvalitet i skolen*). Dette er nødvendig for å følge opp utviklinga av sektoren på ein god måte. I Vindafjordskulen har vi valt å kalle denne rapporten kvalitets- og utviklingsmelding fordi vi ønskjer å sjå framover og setje søkelys på relevante tiltak på bakgrunn av analyse av tilstanden og kvaliteten i skulen.

Den årlege rapporten om tilstanden i opplæringa er eit sentralt element i det nasjonale kvalitetsvurderingssystemet. Regjeringa har fastsett mål knytt til læringsresultat, fråfall og læringsmiljø som grunnlag for å vurdere kvaliteten i grunnopplæringa. Til dei nasjonale målsetjingane har regjeringa stilt opp indikatorar som skal gi grunnlag for å vurdere kor langt skuleeigar er komen i å nå måla.



### 3. Hovudområde

#### 3.1. ELEVAR OG UNDERVISNINGSPERSONALE

##### Nøkkeltall

Tabellen nedenfor viser utvalgte nøkkeltall for grunnskulen i Vindafjord kommune frå 2014 til 2019. Tala gjeld per 1. oktober 2019 som er dato for innrapportering til det nasjonale GSI-registeret (Grunnskolens Informasjonssystem).

	2014	2015	2016	2017	2018	2019
Elevtal	1141	1119	1116	1102	1112	1111
Årsverk pedagogar	112,6	116	117,9	116	114,4	111,7
Årstimar ordinær undervisning	73469	76 033	75 996	74 551	74 551	72155
Tal på elevar med spesialundervisning og prosent	106 (9,2%)	97 (8,6%)	99 (8,87%)	78 (7,07%)	77 (6,92%)	78 (7,02%)
Årstimer pedagog spesialundervisning	10241	10687	12 279	9 436	8 688	9845
Årstimar assistent spesialundervisning	23776	19 028	16 515	8787	12029	12260
Tal på elevar med særskilt språkopplæring	34	62	55	39	34	38
Årstimar pedagog særskilt språkopplæring	2763	2396	3072	1769	1398	3705

Tal på elevar omfattar barn og unge som etter opplæringslova § 2-1 har rett og plikt til grunnskole og som får denne opplæringa ved ein offentleg grunnskule.

Årsverk pedagogar inkluderer årsverk til undervisning og årsverk til andre oppgåver enn undervisning som blir utført av pedagogar.

Tal på elevar med spesialundervisning omfattar elevar som har rett til spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1.

Elevar som mottar særskilt språkopplæring kjem frå språklege minoritetar og har rett til denne opplæringa etter opplæringslova § 2-8.

### Friskular

Skuleåret 2019/20 har det gått fem elevar på våren og tre elevar på hausten frå Vindafjord kommune på i alt to friskular. Dette er skular som er godkjent etter friskulelova. Dei seinare åra har det vore ei "stabil gruppe" elevar frå Vindafjord som har valt grunnskuleopplæring ved private grunnskular. Trenden ser ut til å halde fram. Ca 0,4% av elevflokkjen. Nasjonalt brukar 4,2% av elevane i grunnskulen privatskular.

Skule	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Danielsen u-skole, Haugesund	4	3	5	3
Steinerskolen, Haugesund			1	1
<b>Sum</b>	<b>4</b>	<b>3</b>	<b>6</b>	<b>4</b>

### Tilpassa opplæring og spesialundervisning

I Vindafjordskulen jobbar vi målretta for at flest mogleg elevar skal få opplæringa si i det ordinære opplæringstilbodet. Alle elevar skal ha læringsmoglegheiter i den same skulen og retten til tilpassa opplæring er ein rett (igheit) som gjeld alle elevar. Dette går fram av opplæringslova § 1-3. Tilpassa opplæring for den enkelte eleven er kjenneteikna ved variasjon i bruk av lærestoffet, arbeidsmåtar, læremiddel og variasjon i organisering av og intensitet i opplæringa – progresjon og dybdelæring. Elevane har ulike utgangspunkt, bruker ulike læringsstrategier og har ulik progresjon i forhold til nasjonalt fastsette kompetanssmål.

På 1.-4. klassetrinn skal elevane gjennom tidleg innsats få tilpassa opplæring i lesing og rekning i form av auka lærartettleik eller intensive kurs. Dette skal rettast mot elevar som viser fagleg strev i lesing og rekning. I Meld. St. 21, *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen* (Kunnskapsdepartementet, 2016-2017) og Meld. St. 6, *Tett på – tidlig innsats og inkluderende fellesskap i barnehage, skole og SFO* (Kunnskapsdepartementet, 2019-20) blir det sett forsterka søkelys på tidleg innsats.

Når ein greier å ivareta flest mogleg elever med tilpassa opplæring, blir det skapt rom for ein meir fleksibel bruk av skulen sine ressursar og auka grad av inkludering av elevar med behov for særleg tilpassing. Dette kan gjere det mogleg å auke læringsutbyttet for alle elevar

ved at ein mellom anna lettare kan setje inn tiltak i form av kurs og høgare lærartettleik i periodar.

§ 5-1 i Opplæringslova- *Rett til spesialundervisning* - trer inn når eleven ikkje får tilfredsstillande utbytte av det ordinære opplæringstilbodet. Viss skulen er bekymra for eleven sitt utbytte av opplæringstilbodet, skal skulen kartleggje eleven og prøve ut tiltak før ein eventuelt ber PPT om å gjere ei sakkunnig vurdering. I sakkunnig vurdering skal PPT ta stilling til kva som er realistiske opplæringsmål for eleven og kva som bør vera innhaldet i eit forsvarleg opplæringstilbod. På bakgrunn av dette blir det eventuelt fatta einskild vedtak om spesialundervisning.

### *Vurdering*

Delen av elevane som får spesialundervisning skuleåret 2019-2020 ligg på 7,02 %. Nasjonalt ligg på 7,69. %. Dei siste tre åra har elevgruppa som får spesialundervisning i Vindafjordskulen lege litt under nasjonalt nivå.

Sjølv om talet på elevar som har fått einskildvedtak om spesialundervisning, har gått ned, har timetalet til spesialundervisning gått opp. Pedagogtimar til ordinær undervisning er redusert med 2400 t. Elevtalet i kommunen har vore stabilt mellom. 1116-1111. Det har gitt mindre rom for tidleg innsats / intensiv styrking i korte periodar.

Talet på assistentimar knytte opp til spesialundervisning har stabilisert seg på vel 12000 t dei to siste åra. Det er ein reduksjon på ca. 6700 t sidan 2015. Tala indikerer at spesialundervisninga er meir pedagogstyrt. Ordinær opplæring med tilrettelagt og styrka undervisning dekker hovudtyngda av opplæringa. Samstundes er pedagogårsverka reduserte samla sett. Lærarnorma - 1 pedagog pr. 15 elevar i snitt i 1-4. trinn og 1 til 20 elevar i 5-10.trinn er vanskeleg å halde for alle skulane, sjølv om snittet for kommunen er ca. 1 lærar pr. 10 elevar.

Over tid er det arbeidd med at dei fleste elevar skal få opplæring i det ordinære. Målet er å møte utfordringar som elevar har med tidleg innsats. PPT har fast møtetid og kontaktperson(ar) ved kvar skule. Tanken er at PP-kontaktane skal vere rådgjevarar i samband med utfordringar skulen ber om rådgjeving/retteleing i. Det er faste prosedyrar for arbeid rundt systemsaker og individsaker. Etterkvart har prosedyrane blitt implementerte, men vert arbeidd vidare med.

## 3.2 SKULEMILJØ

Elevane sitt skulemiljø er eit sentralt satsingsområde for Vindafjord. Eit trygt og godt skulemiljø er ein føresetnad for trivsel og læring i skulen. Vindafjordskulen har nulltoleranse for mobbing, diskriminering, vald og rasisme.

### Nytt kapittel om skulemiljø skjerper krava til skulane

Stortinget har vedtatt eit nytt regelverk om skulemiljø gjeldande frå 1. august 2017. Kapittel 9A i opplæringslova er omarbeidd og endringane i lovverket er relativt store og omfattande. Skulane har fått tydelegare føringar for kva dei skal gjere når dei har mistanke om eller kjennskap til at ein elev ikkje har det trygt og godt på skulen. Det er eleven si eiga oppleving av korleis ein har det på skulen, som er avgjerande, og som skal danna grunnlaget for at skulane utarbeider ein tiltaksplan, ein såkalla *aktivitetsplan*.

Når eleven har ein rett til eit trygt og godt skulemiljø, har skulen og skuleeigar ei tilsvarende plikt til å sikre at elevane får oppfylt denne retten. Opplæringslova kapittel 9A og § 13-10 i same lova er styrande for dette arbeidet. Det skal arbeidast både systemretta og individretta. Kommunen har ein vedtatt plan for dette (2017). Planen skal sikre at skulane i kommunen etterlever opplæringslova kapittel 9A, og vil bli evaluert og revidert hausten 2020.

### Helsefremjande skole

Folkehelse og livsmeistring er eitt av tre tverrfaglege tema i den reviderte læreplanen for grunnopplæringa som trer i kraft august 2020 (LK20). Me har gjennom forskning god kjennskap til korleis me kan styrka elevar si psykiske helse og førebyggja psykiske plager. Mest effekt gir innsats som byggjer på psykologiske prinsipp og blir levert av lærarar som del av den vanlege undervisninga<sup>2</sup>. Det nye læreplanverket presiserer òg at sosial og fagleg læring skal vera uløseleg knytt til kvarandre.

Skal skulen bli psykisk helsefremjande, må alle elevar få ei kjensle av **identitet og sjølvrespekt**, at dei er noko, at dei har verdi. Alle elevar må få ei kjensle av **mening i livet**, at dei er ein del av noko større enn seg sjølv, at nokon treng dei. Alle elevar må få ei oppleving av **meistring**, at det er noko dei får til. Alle elevar må kjenne at dei **høyrrer til** ein stad. Alle elevar må òg kjenna seg **trygge**, at dei kan tenkja, føla og utfalda seg utan å vera redde. Alle elevar må oppleve **deltaking**, at det betyr noko for andre kva dei gjer eller ikkje gjer. Alle elevar må såleis få ei kjensle av **felleskap**, at dei har nokon å dela tankar og kjensler med, at det er nokon som kjenner dei, som bryr seg om dei, som dei veit passar på dei når det trengst. Skular som leverer på dette, er psykisk helsefremjande.

---

<sup>2</sup> Arne Holte, professor emeritus i helsepsykologi UiO. Kronikk: «Psyken er like viktig som matte og gym»

Vindafjordskulen har starta opp ulike tiltak for å fremje eit trygt og godt skulemiljø, desse blir det gjort meir greie for i kap. 4, *Vindafjordskulen i utvikling*.

### **Elevundersøkinga**

Som ein del av arbeidet med å utvikle elevane sitt skulemiljø og opplæringstilbod, er grunnskulane i Noreg pålagt å gjennomføre *Elevundersøkinga* for elevar på 7. og 10. trinn kvart år, og det er dette utvalet som er brukt i Kvalitets- og utviklingsmelding 2019. Resultat frå *Elevundersøkinga* blir brukt aktivt av skuleeigar og ved den enkelte skole for å vurdere kvaliteten på skulemiljøet og opplæringstilbodet til eleven. I Elevundersøkinga 2016 er det endra og lagt til spørsmål om mobbing. Spørsmål om krenkingar er fjerna. Resultata frå undersøkinga kan derfor berre samanliknast over tre år. Tema i *Elevundersøkinga* som handlar om trygt og godt skulemiljø, trivsel og mobbing er satsingsområde i Vindafjordskulen.

I kvalitets- og utviklingsmeldinga blir eit utval indeksar frå *Elevundersøkinga* presentert. Desse er gruppert og samla under følgjande overskrifter:

- Motivasjon og meistring
- Trivsel og tryggleik
- Klasseleiing
- Læring og vurdering

Resultata frå *Elevundersøkinga* blir presentert på ein skala frå 1 – 5. Høg verdi tyder positivt resultat. Sidan det er stor skilnad på skulane i kommunen når det gjeld storleik, viser tabellane i denne meldinga resultat for Vindafjord som kommune, som oftast samanlikna med

### **Motivasjon og meistring**

Ein vanleg definisjon på motivasjon er: «... det som forårsaker aktivitet hos individet, det som holder aktiviteten ved like og det som gir den mål og mening.»<sup>3</sup>. Motivasjon, innsats, meistring og fagleg utfordring har betydning for elevane si læring, og skulen må alltid ha som mål å skape eit engasjement for skulearbeidet på alle trinn.

Indikatoren *Motivasjon* viser i kva utstrekning elevane uttrykker glede for skulen, og måler interessen deira for læring og skulearbeid. *Innsats* måler om elevane prioriterer skulearbeidet både i timane og heime, og om dei greier å halde ut når dei opplever at oppgåvene er utfordrande. *Meistring* gir eit bilete av i kva grad elevane opplever at dei lykkast i samband med undervisning, lekser og arbeid på skulen, medan indikatoren *Fagleg utfordring* viser om

---

<sup>3</sup> Imsen, G, *Elevens verden*, 1991

elevane opplever at dei får nok fagleg utfordring på skulen. Pedagogisk forskning slår fast at motivasjonen synk utover i skuleløpet, og fleire rapportar peiker òg på moglege årsaker til dette. Vi ser det same biletet i våre skular.

### Barnetrinnet

Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
<b>Motivasjon - Vindafjord</b>	<b>3,9</b>	<b>3,9</b>	<b>3,9</b>	<b>3,9</b>	<b>3,7</b>
Motivasjon - Rogaland	3,9	3,9	3,9	3,8	3,7
Motivasjon - Nasjonalt	4,0	4,0	3,9	3,8	3,8
Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
<b>Meistring - Vindafjord</b>	<b>4,1</b>	<b>4,1</b>	<b>4,2</b>	<b>4,1</b>	<b>4,2</b>
Meistring - Rogaland	4,1	4,1	4,1	4,1	4,0
Meistring - Nasjonalt	4,1	4,1	4,1	4,1	4,0

Når det gjeld motivasjon og meistring på barnetrinnet er det stabile resultat over tid i Vindafjord. Resultata på elevundersøkinga følgjer òg snittet for både fylket og landet. Vindafjord ligg litt under snittet på motivasjon og litt over på meistring. Vi ser likevel at snittet for motivasjon i kommunen er noko lågare dette året enn dei fire siste åra.

### Ungdomstrinnet

Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017 - 18	2018-19	2019-20
<b>Motivasjon - Vindafjord</b>	<b>3,7</b>	<b>3,6</b>	<b>3,1</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>
Motivasjon - Rogaland	3,4	3,5	3,4	3,4	3,4
Motivasjon - Nasjonalt	3,5	3,5	3,5	3,5	3,5
Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017 - 18	2018-19	2019-20
<b>Meistring - Vindafjord</b>	<b>3,9</b>	<b>4,0</b>	<b>3,8</b>	<b>3,9</b>	<b>3,9</b>
Meistring - Rogaland	4,0	4,0	3,9	3,9	3,9
Meistring - Nasjonalt	4,0	4,0	3,9	3,9	3,9

Når det gjeld motivasjon og meistring på ungdomstrinnet, ligg både kommune, fylket og landet noko under resultatane for barnetrinnet. Vindafjord ligg marginalt under fylket og landet når det gjeld motivasjon, men avstanden til dei er ikkje større enn tidlegare. Samanlikna med dei to siste åra er det ein svakt positiv tendens for kommunen. På litt lengre sikt ser vi imidlertid at motivasjonen har sunke 0,4 poeng. For meistring er resultatane stabile og like dei vi ser frå fylket og landet.

### *Vurdering*

*Elevundersøkinga* viser at dei fleste elevane på 7. trinn i Vindafjord er motiverte for skularbeidet, og at dei i større grad enn elevane på dette trinnet i Rogaland og resten av landet opplever meistring i skulekvardagen. Litt færre elevar på 10. Trinn seier dei er motiverte for skularbeidet. Likevel meiner fleire av dei at dei opplever meistring på skulen. Motivasjon i skularbeidet og interesse for læring er ei utfordring, ikkje bare for Vindafjord kommune, men for heile landet. Dette gjeld i større grad på ungdomstrinnet enn på barnetrinnet, noko svara frå elevane viser.

Pedagogisk forskning slår, som nevnt i innleiinga over, fast at motivasjonen synk utover i skuleløpet. Dette kjem generelt til uttrykk i *Elevundersøkinga* nasjonalt, og i resultatane for Vindafjord, slik det er vist over. Ikkje alle elevane våre er så motivert for skularbeidet som ein kunne ønske, spesielt ser vi som sagt dette på ungdomstrinnet. Dette er i og for seg altså ikkje uvanleg, men det er grunn til å vere på vakt når elevane våre ligg under nasjonalt snitt på området, sjølv om det bare er marginalt. Det er samstundes positivt at elevane i Vindafjord ligg på eller over nasjonalt snitt for indikatoren *meistring*.

Forsking<sup>4</sup> peikar òg på nokre moglege årsaker til utviklinga frå barnetrinn til ungdomstrinn. Elevar på ungdomstrinnet er meir opptatt av å samanlikne seg med andre, og opplever gjerne at dei gjer det dårlegare enn andre elevar. Eit slikt fokus på samanlikning blir ofte forsterka av at skulen på dette trinnet jamnleg gir elevane informasjon om korleis dei presterer i forhold til kvarandre, mellom anna gjennom karakterar. Ei anna endring utover i skuleløpet er at det blir meir vanleg med faglærarar, noko som generelt fører til mindre emosjonell støtte på eit tidspunkt ungdommane treng det spesielt. Etter kvart som elevane blir eldre vil naturleg nok ønsket om og behovet for fridom, medbestemming og sosial tilhørigheit òg auke, samtidig som interesseområda blir utvida. Kanskje norsk skule generelt tar for lite hensyn til desse endringane, slik at elevane sine interesser og behov i stadig mindre grad harmonerer med aktivitetane i skulen. Det kan føre til at ein del elevar fokuserer på andre ting enn det faglege arbeidet i skulen. Det er eit mål at innføringa av nytt

---

<sup>4</sup> Bandura, 1997; Berger og Karabenick, 2011; Hattie, 2009; Skaalvik og Skaalvik, 2011; Wigfield og Wagner, 2005

læreplanverk LK20 som nå er innført, skal føre til auka motivasjon, mellom anna gjennom meir fokus på djupnelæring, tverrfagleg fokus, elevinvolvering og medbestemming.

Låg og/eller synkende motivasjon bør alltid bli tatt alvorleg, fordi motivasjon fremjer læring og påverkar dei vala elevar tar, både når dei skal velje strategiar i ein konkret læringssituasjon her og nå, og når dei skal vurdere kva dei skal gjere på lengre sikt. I Vindafjordskulen skal det derfor bli sett eit ekstra fokus på tiltak som kan fremje motivasjon for elevane våre, dette kjem vi meir konkret attende til i kap. 4, *Vindafjordskulen i utvikling*.

## Trivsel og tryggleik

Å trivast på skulen er eit viktig mål i seg sjølv. Alle elevar har, som nemnt over, ein individuell rett til eit skulemiljø som fremjer trivsel og tryggleik etter kapittel 9A i opplæringslova. Forsking viser positive samanhengar mellom god trivsel, helse og læring. Alle elevar skal oppleve å høyre til. Inkludering handlar om ein målretta innsats over tid, for å skape trygge og gode skulemiljø.

Indikator og nøkkeltal 7. trinn	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Trivsel - Vindafjord	4,3	4,5	4,5	4,3	4,2
Trivsel - Rogaland	4,4	4,4	4,3	4,3	4,3
Trivsel - Nasjonalt	4,4	4,4	4,3	4,3	4,3

Elevane på 7. trinn uttrykker at dei trivst på skulen. Ein skår på 4,2 av 5 viser at dei fleste har det godt. Samanlikna med Rogaland og Noreg kjem ein ut noko lunde likt, men ein kan ikkje slå seg til ro med det. Ein skal merke seg at det er litt lågare skår enn tidlegare for Vindafjord.

Indikator og nøkkeltal 10. trinn	2015-16	2016-17	2017 - 18	2018-19	2019-20
Trivsel - Vindafjord	4,3	4,3	3,8	4,0	3,9
Trivsel - Rogaland	4,1	4,1	4,1	4,1	4,1
Trivsel - Nasjonalt	4,2	4,2	4,1	4,1	4,1

Elevane på 10. trinn gir uttrykk for at dei trivst på skulen. Ein skår på 3,9 av 5 viser at dei fleste har det greitt. Samanlikna med Rogaland og Noreg ligg ein litt under, noko ein ikkje kan slå seg til ro med det. Ein skal merke seg at det er litt lågare skår enn tidlegare for Vindafjord. Det er noko ungdomsskulane må ha fokus på.

## Mobbing

I *Elevundersøkinga* får elevane spørsmål om dei har blitt mobba av andre elevar på skulen dei siste månadene, og kor ofte. Dei blir og spurt om **kva slag** mobbing dei vert utsette for. Det er eigne spørsmål om **mobbing frå voksne** og **digital mobbing**. Elevane får òg spørsmål om dei sjølv har mobba nokon.

Definisjonen på mobbing blei justert noko i samband med endringane i *Elevundersøkinga* i 2016. Intensjonen var å gjere undersøkinga meir elevvennleg. Det er mellom anna lagt inn fleire eksempel på mobbing.

*«Med mobbing mener vi gjentatte negative handlinger fra en eller flere sammen, mot en elev som kan ha vanskelig for å forsvare seg. Mobbing kan være å kalle en annen stygge ting og erte, holde en annen utenfor, baksnakke eller slå, dytte eller holde fast.»*

Utdanningsdirektoratet forventar at mobbeandelen kjem til å auke noko dei første åra etter endringane. Målet er, og har alltid vore, at *Elevundersøkinga* skal gi eit mest mogleg rett bilete av korleis elevane har det.

Trygt miljø 2019 7.trinn Mobba	Av medelev	Blitt mobba digitalt. (Mobil, PC, iPad)	Har mobba medelev	Av voksne på skulen
Vindafjord	4,6	4,7	4,9	4,9
Rogaland	4,7	4,9	4,9	4,9
Nasjonalt	4,7	4,9	4,9	4,9

På skalaen 1,0 til 5,0, der 5,0 indikerer null mobbing, ligg Vindafjord litt under 5,0 og på nivå med både fylke og nasjon. 4,6 og 4,7 er eit resultat som seier noko om at det er nokre elevar som kjenner seg mobba av andre elevar. Det er òg elevar som er utrygge på voksne. Meldingane frå elevane syner at ein heile tida må ha fokus på kva som ligg bak delen **0,4 – 0,1** for 7.trinn. Er det noko ein må gjera noko med her og no og som ein kan arbeide med før elevane begynner på ungdomssteget?

Trygt miljø 2019 10.trinn Mobba	Av medelev	Blitt mobba digitalt. (Mobil, PC, iPad)	Har mobba medelev	Av vaksne på skulen
Vindafjord	4,7	4,8	4,8	4,7
Rogaland	4,8	4,9	4,9	4,9
Nasjonalt	4,7	4,9	4,9	4,8

For 10. trinn får ein og ei påminning om å undersøkje og arbeida med kva som ligg bak avvika på 0,3 – 0,2 for elevar i kommunen. Det inneber at kvar skule må bruke tid på å analysere eigne resultat, og at skuleeigar må leggje til rette for kompetanseutvikling og kvalitetssikre gjennomføring.

Det er varsla frå Utdanningsdirektoratet at kommunane vil kunne få høgare rapportering på spørsmål om mobbing etter endringa i *Elevundersøkinga* i 2016. Samla sett viser undersøkinga at vi skårar på linje med landet for øvrig på nokre område. Skuleeigar og den enkelte skule tar på alvor dei tilbakemeldingane elevane gir i *Elevundersøkinga* og andre undersøkingar som skulen nyttar i å avdekke og handtere krenkingar og mobbing (t.d. *Spekter*).

### Vurdering

Resultata samla for Vindafjordskulen viser at dei fleste elevane kjenner seg trygge eller ganske trygge på skulen, i friminutt og på veg til skulen. Det er likevel svar i undersøkingane som seier at det er elevar som ikkje trivst og opplever skuledagen som trygg. Tala er nokså stabile over tid for Vindafjord og gruppene me samanliknar med, men Vindafjord har hatt lågare skår enn både Rogaland og Noreg. For 2019 er forskjellen marginal.

Resultata frå undersøkingane syner at det må gjerast vurderingar og tiltak ved kvar skule. Arbeidet med å byggja eit trygt klasse- og skulemiljø må ha høg prioritet. Det er viktig at alle samarbeidspartnarar er involverte - elevar, tilsette, heim, skule og skuleeigar. Dette er eit arbeid kor ein må "liggja i forkant".

Tiltak som er sett i verk frå 2019 er at to skular er med i Olweus-programmet (Bjoa og Skjold). Frå 2020 er to skular og to barnehagar med i eit Læringsmiljøprosjekt over to år i regi av Utdanningsdirektoratet. Det er Vikedal FUS-barnehage og Vikedal skule, Ølensjøen FUS-barnehage og Ølen skule. Hovudtanken er at dei deltakande einingane får opplæring i og arbeider med det psykososiale miljøet ved eigne barnehagar og skular. Målet er òg å byggja ein god overgang mellom barnehage og skule. Opplæring og erfaring skal delast og arbeidast med i alle barnehagane og skulane i kommunen.

*Spekter* vart innført som kartleggingsverktøy frå hausten 2019. Verktøyet skulle vera eit alternativ for trivselsundersøkinga ein tidlegare hadde frå 1.- 7. trinn. Undersøkinga er imidlertid ikkje anonym og kan berre brukast som reiskap til å kartlegga trivsel og miljø i ein og ein klasse, og ikkje som ei skule eller kommuneundersøking. Kontaktlærar og andre som arbeider med ein klasse brukar informasjonen til klassemiljøarbeid. Hausten 2019 vart det derfor bestemt at ein skulle bruka ei anna felles og anonym undersøking. Kommunen har såleis ikkje resultat frå ei samla undersøking i 2019. Skuleåret 2020-21 vert det ei obligatorisk undersøking for alle skular og klassar for 1.-6. trinn på kommunenivå og elevundersøkinga i regi av Utdanningsdirektoratet frå 7.-10.trinn.



## **Klasseleiing**

Klasseleiing handlar om læraren si evne til å skape eit godt læringsmiljø i klassen, skape gode relasjonar til elevane, utarbeide klassereglar saman med klassen, etablere arbeidsro og motivere og støtte elevane i læringsarbeidet.

I ein god læringskultur er det viktig at læraren har ein tydeleg struktur i undervisninga med klart formulerte mål og forventningar til alle elevane tilpassa den enkelte sine føresetnader og behov. Det handlar òg om i kva grad elevane får læringsfremjande tilbakemeldingar i si faglege og sosiale utvikling og er aktive i eige læringsarbeid.

## Barnetrinnet

Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
<b>Støtte frå lærar - Vindafjord</b>	<b>4,5</b>	<b>4,5</b>	<b>4,6</b>	<b>4,6</b>	<b>4,5</b>
Støtte frå lærar - Rogaland	4,5	4,4	4,5	4,4	4,4
Støtte frå lærar - Nasjonalt	4,4	4,4	4,4	4,4	4,4
Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
<b>Felles reglar - Vindafjord</b>	<b>4,3</b>	<b>4,3</b>	<b>4,4</b>	<b>4,3</b>	<b>4,4</b>
Felles reglar - Rogaland	4,3	4,3	4,3	4,4	4,4
Felles reglar - Nasjonalt	4,3	4,3	4,3	4,4	4,4
Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
<b>Elevdemokrati og medverknad - Vindafj.</b>	<b>3,9</b>	<b>3,9</b>	<b>4,1</b>	<b>3,9</b>	<b>3,8</b>
Elevdemokrati og medverknad - Rogaland	3,9	3,9	3,9	3,9	3,8
Elevdemokrati og medverknad - Nasjonalt	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8
Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
<b>God arbeidsro i timane - Vindafjord</b>	<b>3,6</b>	<b>3,8</b>	<b>3,8</b>	<b>3,6</b>	<b>3,6</b>
God arbeidsro i timane - Rogaland	3,6	3,6	3,5	3,6	3,5
God arbeidsro i timane - Nasjonalt	3,5	3,6	3,5	3,5	3,5

Elevane på barnetrinnet seier i all hovudsak at dei får *støtte frå lærar*, og dei opplever at det er *felles reglar* i klassen og på skulen. Vindafjord-elevane skårar likt med 7. klassingane i Rogaland og resten av landet, eller marginalt over.

Dei fleste elevane seier òg at dei opplever *arbeidsro* i timane. Resultata ligg på nasjonalt nivå eller marginalt over for denne indikatoren òg. Elevmedverknad bidrar til at elevane er meir

aktive i eige læringsarbeid. Elevane på barnetrinnet i Vindafjord rapporterer, i samsvar med elevane på same trinn i fylket og landet for øvrig, at dei opplever *medverknad*.

## Ungdomstrinnet

Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017 - 18	2018-19	2019-20
Støtte frå lærar - Vindafjord	4,0	4,3	3,6	3,9	3,9
Støtte frå lærar - Rogaland	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0
Støtte frå lærar - Nasjonalt	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0
Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017 - 18	2018-19	2019-20
Felles reglar - Vindafjord	4,1	4,1	3,9	4,0	4,1
Felles reglar - Rogaland	3,9	4,0	4,0	4,1	4,1
Felles reglar - Nasjonalt	3,9	3,9	3,9	4,0	4,0
Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017 - 18	2018-19	2019-20
Elevdemokrati og medverknad - Vindafj.	3,2	3,3	3,1	3,2	3,4
Elevdemokrati og medverknad - Rogaland	3,2	3,3	3,3	3,4	3,4
Elevdemokrati og medverknad - Nasjonalt	3,2	3,3	3,3	3,4	3,4
Indikator og nøkkeltal 10.tr	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
God arbeidsro i timane - Vindafjord	4,0	3,5	3,3	3,7	4,0
God arbeidsro i timane - Rogaland	3,6	3,6	3,6	3,6	3,7
God arbeidsro i timane - Nasjonalt	3,4	3,6	3,6	3,9	3,6

Dei fleste elevane på ungdomstrinnet rapporterer at dei får *støtte frå lærar*. Medan snittet for både fylket og landet har lege svært stabilt dei siste fem åra, har det vore meir variasjon i Vindafjord. Dette året ligg kommunen vår marginalt under fylket og landet.

Når det gjeld felles reglar rapporterer fleirtalet at dei kjenner til reglane på skulen. Tala her ligg likt med fylket og litt over nasjonalt nivå.

Elevane på ungdomstrinnet opplever noko mindre grad av medverknad enn elevane på barnetrinnet, men resultatet samsvarar med snittet for Rogaland og nasjonalt nivå. Alderen

skulle tilseie at dei skulle hatt stor grad av medverknad, men som nemnt tidlegare i rapporten er det òg grunn til å tru at dei forventar meir.

Når det gjeld andel elevar som opplever arbeidsro i timane er det positive tal. Elevane på ungdomstrinnet i Vindafjord skårar dette høgare enn både elevane på barnetrinnet og ungdomstrinnselevane i fylket og landet for øvrig. Dei skårar òg høgare dette året enn dei tre føregåande.

### **Vurdering**

Elevane i Vindafjordskulen har i hovudsak gode relasjonar til lærarane sine og er i stor grad fornøgde med den støtten og oppfølginga dei får av lærarane. Både i Vindafjord og på nasjonalt nivå rapporterer elevane på ungdomstrinnet om at dei har for liten grad av elevdemokrati og elevmedverknad. At nokre elevar ikkje opplever arbeidsro er ei utfordring som vi må ta på alvor. Det har likevel vore ei positiv utvikling på området, spesielt på ungdomstrinnet. Bruken av verktøyet *Spekter* kan vere ein grunn til dette. Det blir interessant om dette vil føre til vidare positiv utvikling.

Forsking om klasseleiing<sup>5</sup> har resultat som viser at norske lærarar sett under eitt er dyktige på å gi emosjonell støtte og å organisere klasserommet, men at ein har hatt for lite fokus på læringsstøtte. Prosjektet viser òg at det er stor variasjon både internt på skular og mellom skular. Vi kan ikkje slå oss til ro med at resultatene våre samsvarer med andre kommunar, men må fortsetje å jobbe systematisk med dette over tid. Ved å kombinere teori, erfaringsdeling og øving i lærande profesjonsfellesskap som ein gjer nå, kan ein oppnå praksisendring slik at variasjonen blir mindre. Dette vil vere betre enn å jakte på kortsiktige tiltak.

### **Læring og vurdering**

Grunnoplæringa skal gjennom fagleg og sosial læring, utvikling og danning opne dører mot verda og framtida for elevane, samstundes som ho gjer barn og unge i stand til å meistre liva sine her og nå. Det skal skapast ein kultur for læring, og elevane skal få utfordringar som gjer dei i stand til å utvikle seg i tråd med føresetnadene sine. Vurdering undervegs og støtte frå heimen blir viktige faktorar i denne samanhengen. Det same blir dei indikatorane frå *Elevundersøkinga* som allereie er behandla i kapitla over.

I føresegner til opplæringslova, kapittel 3, nyttar ein begrepa undervegsvurdering og sluttvurdering. Undervegsvurdering skal bli gitt løpande i opplæringa som rettleiing til eleven. Gjennom undervegsvurderinga får lærar og elev informasjon om eleven sin faglege progresjon. Informasjon om kva eleven kan og kva eleven må jobbe meir med, skal brukast

---

<sup>5</sup> CIESL-prosjektet, UiS

til å tilretteleggje opplæringa til elevane sine ulike behov. Når undervegsvurderinga blir brukt til å fremje elevar si læring og tilpasse opplæringa, er det *vurdering for læring*.

## Barnetrinnet

Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017 - 18	2018-19	2019-20
Læringskultur - Vindafjord	4,0	3,8	3,5	3,7	3,9
Læringskultur - Rogaland	3,8	3,8	3,8	3,8	3,9
Læringskultur - Nasjonalt	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8
Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Fagleg utfordring - Vindafjord	4,1	4,1	4,0	3,9	3,9
Fagleg utfordring - Rogaland	4,1	4,1	4,1	4,1	4,0
Fagleg utfordring - Nasjonalt	4,1	4,1	4,1	4,1	4,0
Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Vurdering for læring - Vindafjord	4,0	4,0	4,2	4,0	3,9
Vurdering for læring - Rogaland	4,0	4,0	3,9	3,9	3,9
Vurdering for læring - Nasjonalt	3,9	3,9	3,9	3,9	3,9
Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Støtte frå heim - Vindafjord	4,4	4,2	4,5	4,5	4,3
Støtte frå heim - Rogaland	4,4	4,4	4,4	4,4	4,3
Støtte frå heim - Nasjonalt	4,4	4,4	4,4	4,4	4,3

Når det gjeld dei indikatorane som vi har valt å leggje inn under delen om 'Læring og vurdering', viser resultata frå elevundersøkinga at elevane på 7. trinn i Vindafjord i svært stor grad svarar i samsvar med kva elevane på dette trinnet gjer i fylket og nasjonalt. Det har likevel vore noko meir variasjon i tala i vår kommune. For indikatoren 'Læringskultur' viser resultata for dette året ei klar positiv utvikling, for dei andre viser utviklinga ein meir statisk eller svakt fallande tendens.

Delskår	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Forklarer lærerne hva som er målene i de ulike fagene slik at du forstår dem?	4,5	4,5	4,5	4,4	4,4
Forklarer lærerne godt nok hva det legges vekt på når skolearbeidet ditt vurderes?	4,4	4,4	4,5	4,3	4,2
Forteller lærerne deg hva som er bra med arbeidet du gjør?	4,3	4,3	4,5	4,4	4,3
Snakker lærerne med deg om hva du bør gjøre for å bli bedre i fagene?	3,9	3,9	4,4	4,1	3,9
Hvor ofte får du tilbakemeldinger fra lærerne som du kan bruke til å bli bedre i fagene?	3,7	3,8	4,0	4,0	3,6
Får du være med og foreslå hva det skal legges vekt på når arbeidet ditt skal vurderes?	3,8	3,7	3,7	3,5	3,6
Får du være med og vurdere skolearbeidet ditt?	3,7	3,5	3,7	3,5	3,5
Jeg får hjelp av lærerne til å tenke gjennom hvordan jeg utvikler meg i faget	3,9	3,9	4,1	4,0	3,9

Vindafjord kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Vurdering for læring, Offentlig, Trinn 7, Begge kjønn

Vi går inn på dei spesifikke spørsmåla under indikatoren 'Vurdering for læring' (tabellen over), ser vi at elevane på 7. trinn gir tilbakemelding om at dei framleis i relativt liten grad får vere med på å vurdere eige skulearbeid. Det er lite endring på dette området samanlikna med forrige måling. Elevane på dette trinnet seier at dei i mindre grad enn tidlegare får tilbakemeldingar frå lærarane som dei kan bruke til å bli betre i faga.

## Ungdomstrinnet

Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017 - 18	2018-19	2019-20
<b>Læringskultur - Vindafjord</b>	<b>4,0</b>	<b>3,8</b>	<b>3,5</b>	<b>3,7</b>	<b>3,9</b>
Læringskultur - Rogaland	3,8	3,8	3,8	3,8	3,9
Læringskultur - Nasjonalt	3,8	3,8	3,8	3,8	3,8
Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017 - 18	2018-19	2019-20
<b>Fagleg utfordring - Vindafjord</b>	<b>4,2</b>	<b>4,1</b>	<b>4,2</b>	<b>4,2</b>	<b>4,1</b>
Fagleg utfordring - Rogaland	4,2	4,2	4,3	4,3	4,3
Fagleg utfordring - Nasjonalt	4,2	4,2	4,2	4,3	4,3
Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017 - 18	2018-19	2019-20
<b>Vurdering for læring - Vindafjord</b>	<b>3,5</b>	<b>3,5</b>	<b>3,1</b>	<b>3,3</b>	<b>3,3</b>
Vurdering for læring - Rogaland	3,3	3,3	3,3	3,3	3,3
Vurdering for læring - Nasjonalt	3,3	3,3	3,3	3,3	3,3

Indikator og nøkkeltal	2015-16	2016-17	2017 - 18	2018-19	2019-20
Støtte frå heim - Vindafjord	3,9	4,1	4,0	4,1	3,9
Støtte frå heim - Rogaland	4,0	4,1	4,1	4,1	4,1
Støtte frå heim - Nasjonalt	4,0	4,0	4,1	4,1	4,1

Tala på ungdomstrinnet viser i hovudsak same tendens på indikatorane under denne overskrifta som dei vist til over for barnetrinnet, både når det gjeld kommunal utvikling og samanlikna med Rogaland fylke og det nasjonale snittet.

Delskår	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19	2019-20
Forklarer lærerne hva som er målene i de ulike fagene slik at du forstår dem?	4,0	3,8	3,5	3,8	3,7
Forklarer lærerne godt nok hva det legges vekt på når skolearbeidet ditt vurderes?	3,9	4,0	3,4	3,8	3,7
Forteller lærerne deg hva som er bra med arbeidet du gjør?	3,8	3,8	3,4	3,7	3,7
Snakker lærerne med deg om hva du bør gjøre for å bli bedre i fagene?	3,8	3,9	3,4	3,6	3,6
Hvor ofte får du tilbakemeldinger fra lærerne som du kan bruke til å bli bedre i fagene?	3,2	3,2	3,0	3,2	3,0
Får du være med og foreslå hva det skal legges vekt på når arbeidet ditt skal vurderes?	2,9	2,8	2,7	2,8	2,8
Får du være med og vurdere skolearbeidet ditt?	3,0	2,9	2,3	2,5	2,6
Jeg får hjelp av lærerne til å tenke gjennom hvordan jeg utvikler meg i faget	3,4	3,3	3,0	3,2	3,2

Vindafjord kommune skoleeier, Grunnskole, Elevundersøkelsen, Vurdering for læring, Offentlig, Trinn 10, Begge kjønn

Litt færre elevar på 10. trinn enn tidlegare seier dei har lærarar som forklarar dei måla, fortel dei kva som er bra med arbeidet og kva dei kan gjere for å bli betre i faga, Resultata er på middels nivå. Det er òg det nasjonale snittet.

Elevane på ungdomstrinnet opplever mindre eigenvurdering og involvering enn elevane på barnetrinnet. Dette er på omtrent same nivå som dei siste tre åra, og samsvarar òg med dei vi samanliknar oss med.

## Vurdering

God, læringsfremjande undervegsvurdering er hjemla i føresegner til opplæringslova (§ 3)<sup>6</sup> og skal

<sup>6</sup> Nye føresegner for vurdering (kap. 3 i føresegner til opplæringslova) kunngjort 29.06.20 og iverksett 01.08.20. Elevundersøkinga i denne meldinga viser resultat etter tidlegare vurderingsføresegner (2009)

«... brukast som ein reiskap i læreprosessen, som grunnlag for tilpassa opplæring og bidra til at eleven aukar kompetansen sin i faget.»

Den gjeldande føresegna introduserer òg fire sentrale prinsipp for at denne undervegsvurderinga skal vere effektiv. Elevane skal forstå kor dei skal i læringa si (mål og kriterier) kor dei er i forhold til ønska læring (tilbakemelding) og korleis dei best kan tette gapet mellom faktisk og ønska måloppnåing (framovermelding/råd). For å forsterke ei slik forståing, skal elevane involverast i eiga læring gjennom mellom anna å bli lært opp til å vurdere eiga læring og kunne velje hensiktsmessige strategiar for vidare læring. Spørsmåla i elevundersøkinga vist til over speglar desse prinsippa

Forskarar har, som tidlegare nemnt, vist at det er ein samanheng mellom grad av slik involvering og medverknad og motivasjon for læring. Når relativt få elevar på 7. trinn og svært få elevar på 10. trinn oppgir at dei blir involvert i vurderinga av eiga læring, er dette difor noko kommunen må ta på største alvor. Sjølv om det er ein marginal positiv utvikling på dei fleste spørsmåla dei siste par åra og dei samla sett ligg på nivå med både fylket og landet, kan det sjå ut som den positive verknaden av den nasjonale satsinga *Vurdering for læring* som ein kunne sjå spesielt i 2015-16 har dabba av, og at det ein lærte i satsinga trengst å friskast opp att hos både lærarar, skuleleiarar og skuleeigar. Planane for vidare utvikling i Vindafjordskulen slik dei blir presenterte i kap. 4 i denne kvalitets- og utviklingsmeldinga må ta høgde for det. Ny vurderingsføresegn iverksett 1. august 2020 kan vere ein god innfallsvinkel i denne samanhengen.

### 3.3 LÆRINGSRESULTAT

Alle elevar skal lykkast i opplæring og utdanning (jf. sektormåla). Ein viktig føresetnad for dette er at dei meistrar dei grunnleggjande ferdigheitene på ein måte som gjer dei i stand til å delta i vidare utdanning og i arbeidslivet som vaksne.

Dei grunnleggjande ferdigheitane i læreplanverket Kunnskapsløftet (LK06) er:

- *Å kunne lese*
- *Å kunne rekne*
- *Å kunne skrive*
- *Munnlege ferdigheiter*
- *Digitale ferdigheiter*

Ferdigheitene er avgjerande reiskapar for læring i alle fag og samstundes ein føresetnad for at eleven skal kunne vise kompetansen sin.

I læreplanverket er dei grunnleggjande ferdigheitane integrert i kompetansemåla på premissene til det enkelte faget. Ferdigheitane er derfor uttrykt på ulik måte og i varierende grad i læreplanane for fag, avhengig av korleis ferdigheitane blir forstått i faget, og kva for funksjon dei har som ein del av kompetansen i faget. Utdanningsdirektoratet har òg utarbeidd eit rammeverk for korleis ein skal forstå dei grunnleggjande ferdigheitane<sup>7</sup>.



Kunnskapsløftet LK06 har nå blitt revidert, og nytt læreplanverk (LK20) gjeld frå august 2020. Regjeringa byggjer denne på Meld. St. 28 (2015-2016), *Fag – Fordypning – Forståelse*. Ny

<sup>7</sup> <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/grunnleggende-ferdigheter/rammeverk-for-grunnleggende-ferdigheter/>

overordna del (*Verdiar og prinsipp*) blei fastsett 01.09.17 og representerer verdigrunnlaget for utarbeidinga av fagplanene. Overordna del blir iverksett samtidig med resten av læreplanverket i august 2020. Når LK20 nå er gjeldande, inneber det òg endringar med tanke på korleis dei grunnleggjande ferdigheitane bli presentert og skal bli forstått i dei ulike faga. Rapportdelen av denne kvalitets- og utviklingsmeldinga relaterer seg til LK06, medan innhaldet i kapittel 4, Vindafjordskulen i utvikling, byggjer på det nye læreplanverket, LK20. Det ligg førebels ikkje føre nasjonale resultatindikatorar som direkte kan linkast opp mot kvar av dei fem grunnleggjande ferdigheitane. I kvalitets- og utviklingsmeldinga er desse resultatindikatorane tatt med:

- *Kartleggingsprøver i lesing*
- *Kartleggingsprøver i rekning*
- *Kartleggingsprøver i engelsk*
- *Nasjonale prøver på 5., 8. og 9.trinn i lesing*
- *Nasjonale prøver på 5., 8. og 9.trinn i rekning*
- *Nasjonale prøver på 5. og 8.trinn i engelsk lesing*
- *Standpunkt- og eksamenskarakterer i norsk hovudmål, matematikk og engelsk*
- *Grunnskulepoeng*

## **Kartleggingsprøver**

Føremålet med kartleggingsprøvene på 1.-3. trinn (Utdanningsdirektoratet) er å identifisere elevar som treng ekstra oppfølging. Det er viktig at desse elevane blir sett tidleg i opplæringsløpet slik at dei kan få den tilrettelegginga dei har behov for.

Kartleggingsprøvene gir ikkje informasjon om alle elevane. Resultata frå prøvene gir bare informasjon om elevar som er rundt eller under ei definert bekymringsgrense. Elevar som har alt rett eller nesten alt rett, er ikkje nødvendigvis spesielt flinke elevar. Derimot treng elevane som hamnar under bekymringsgrensa ekstra tilrettelegging. Prøvene er som nemnt laga spesifikt for å identifisere og fange opp desse elevane på eit tidleg tidspunkt. I Vindafjordskulen skal det lagast tiltaksplan for elevar som skårar under kritisk grense. Tiltaksplanen skal mellom anna innehalde plan for re-testing for å sjekke eleven sin progresjon.

I Vindafjord har ein plan over kva for kartleggingar og undersøkingar som er obligatoriske i kommunen vår. Sjå tabell under. Prøvene vert gjennomført på skulenivå, og skal vere eit verktøy for å identifisere dei som strevar tidleg, og for å justere og leggja tilrette undervisninga best mogleg for alle elevar. I denne meldinga ser vi på resultata frå dei

kartleggingane/undersøkingane som er nasjonalt bestemt for å kunne samanlikna med resultat på landsbasis.

I kvalitets- og utviklingsmeldinga gir kartleggingsprøvene eit bilete av dei ulike årskulla si utvikling over tid. På den måten kan ein sjå korleis og om skulane greier å løfte elevar som strever.



## Kartlegging i Vindafjordskulen - fang opp følg opp -

Steg	Tidspunkt	Obligatoriske kartleggingar	Frist for registrering	Ansvarleg
1. steg	Haust	Begrepsforsåelse (jamfør med testen frå barnehagen) Talstart Carlsten lesefart og leseforståing	15.sept. Etter haustferien og før jul 22.des. Conexus	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer
	Vår	UDIR Kartlegging rekning (Må bestillast febr-mar) UDIR Kartlegging lesing	3.apr Conexus 3.apr. Conexus	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer
2. steg	Haust	Alle tel 2 Carlsten lesefart og leseforståing	25.sept. Conexus 15. okt. Conexus	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer
	Vår	UDIR Kartlegging rekning UDIR Kartlegging lesing	3.apr. Conexus 3.apr. Conexus	Faglærer / skuleleing Faglærer / skuleleing
3. steg	Haust	Alle tel 3 Carlsten lesefart og leseforståing Undersøking om mobbing: Spekter	25.sept. Conexus 15. okt. Conexus 15. nov. Spekter	Faglærer / skuleleing Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer /skuleleing
	Vår	UDIR Kartlegging engelsk (Må bestillast) UDIR Kartlegging rekning (Må bestillast) UDIR Kartlegging lesing	3.apr. Conexus 3.apr. Conexus 3.apr. Conexus	Faglærer / skuleleing Faglærer / skuleleing Faglærer / skuleleing
4. steg	Haust	Alle tel 4 Carlsten lesefart og leseforståing Undersøking om mobbing: Spekter	25. sept. Conexus 15. okt. Conexus 15. nov. Spekter	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer /skuleleing
	Vår	Carlsten lesefart og leseforståing UDIR Kartlegging digitale ferdigheter (må bestillast)	15. juni Conexus 3.apr. Conexus	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer
5. steg	Haust	Alle tel 5 UDIR Nasjonal prøve, lesing UDIR Nasjonale prøve, engelsk UDIR Nasjonale prøve, rekning Undersøking om mobbing: Spekter	25.sept. Conexus PAS – plan frå Udir. * Conexus PAS – plan frå Udir. * Conexus PAS – plan frå Udir. * Conexus 15. nov. Spekter	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / skuleleing Faglærer / skuleleing Faglærer / skuleleing Kontaktlærer /skuleleing
	Vår	Carlsten lesefart og leseforståing	15. juni.	Faglærer / kontaktlærer
6. steg	Haust	Alle tel 6 Carlsten lesefart og leseforståing Undersøking om mobbing: Spekter	25.sept. 15. okt. 15.nov.	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer
	Vår	Carlsten lesefart og leseforståing	15. juni. Conexus	Faglærer / kontaktlærer
7. steg	Haust	Alle Tel 7 Carlsten lesefart og leseforståing UDIR Elevundersøkinga	25.sept. Conexus 15. okt. Conexus 3.jan	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer /skuleleing
	Vår	Carlsten lesefart og leseforståing	15. juni. Conexus	Faglærer / kontaktlærer
8. steg	Haust	Alle tel 8 UDIR Nasjonal prøve, lesing UDIR Nasjonale prøve, engelsk UDIR Nasjonale prøve, rekning UDIR Elevundersøkinga	25.sept. Conexus PAS – plan frå udir. * Conexus PAS – plan frå udir. * Conexus PAS – plan frå udir. * Conexus 3.jan	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer /skuleleing
9. steg	Haust	Alle tel 9 UDIR Nasjonal prøve, lesing UDIR Nasjonale prøve, rekning UDIR Elevundersøkinga	25.sept. Conexus PAS – plan frå udir. * Conexus PAS – plan frå udir. * Conexus 3.jan	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer /skuleleing
10. steg	Haust	Alle tel 10 Carlsten lesefart og leseforståing UDIR Elevundersøkinga	25 sept. Conexus 15. nov. Conexus 3.jan	Faglærer / kontaktlærer Faglærer / kontaktlærer Kontaktlærer /skuleleing

## Nasjonale prøver

Føremålet med nasjonale prøver er å vurdere i kva for grad skulen lykkast med å utvikle elevane sine ferdigheitar i lesing, rekning og i deler av faget engelsk. Nasjonale prøver i lesing og rekning er ikkje prøver i fag, men i *grunnleggjande ferdigheitar i alle fag*. Desse prøvene tar derfor ikkje utgangspunkt i kompetansemåla i norsk og matematikk, men i alle fag der mål for lesing og rekning er integrerte. Prøvene i engelsk skil seg frå dei to andre prøvene sidan dei tar utgangspunkt i kompetansemål i eitt fag.

I tabellane som omhandlar dei nasjonale prøvene, blir det oppgitt gjennomsnittleg poengsum for kvar prøve. I tillegg viser tabellane prosentandel elevar med svake, middels og gode lese- og rekneferdigheiter. På barnetrinnet er elevane sine ferdigheitar gruppert i tre meistringsnivå, der meistringsnivå 3 er det beste. På ungdomstrinnet er resultata inndelt i fem nivå, der meistringsnivå 5 er det beste. Elevar som ligg på nivå 1 på barnesteget og nivå 1 og nedre del av nivå 2 på ungdomssteget ligg under det som er definert som kritisk grense, og treng ekstra styrking ein periode for å få betre læringsutbytte.

Skulane har ansvar for å lage tiltaksplan for elevar som skårar på nivå 1 på 5. trinn og nivå 1 og nedre del av nivå 2 på 8. trinn. Resultat på 5. og 8. trinn vert analysert og arbeidd vidare med i heile personalet og på trinn/lag. På Utdanningsdirektoratet sine nettsider finn ein rettleiarar for eit slikt arbeid. Føresette skal vere orientert om resultat innan desember.

Resultata blir òg diskutert med og reflektert over saman med skuleeigar. Prøvene for 8. og 9. trinn er identisk like og er eit grunnlag for å måle eleven sin framgang i læringa (lesing og rekning). Opplæringa har som mål at eleven skal ha minst 3-4 poeng i utvikling frå 8. til 9.trinn.

Skulane i Vindafjord har låg grad av fritak på nasjonale prøver.

## Lesing

Høg kvalitet i leseopplæringa er ein føresetnad for å auke elevane sin leseferdigheit, og er direkte kopla til lesing som grunnleggjande ferdigheit i alle fag.

### Kartleggingsprøver i lesing

I lesing er det obligatoriske kartleggingsprøver på 1., 2. og 3. trinn.

#### Lesing 1.kl - skuleåret 2018-19

##### Delprøver

	På eller under bekymringsgrensen	Over bekymringsgrensen
Å skrive bokstaver	36,28%	63,72%
Å finne lyder i ord	27,43%	72,57%
Å stave ord	27,43%	72,57%
Å lese ord	22,12%	77,88%
Å lese er å forstå	28,32%	71,68%

#### Lesing 2.kl - skuleåret 2018-19

##### Delprøver

	På eller under bekymringsgrensen	Over bekymringsgrensen
Å lese ord	30,99%	69,01%
Å stave ord	21,13%	78,87%
Å lese er å forstå del 1+2	30,99%	69,01%

## Lesing 3. kl – skuleåret 2018-19

	På eller under bekymringsgrensen	Over bekymringsgrense
Å lese ord	31,34%	68,66%
Å stave ord	26,87%	73,13%
Å lese er å forstå del 1+ del 2	31,82%	68,18%

Tabellane syner kva som vert testa og korleis elevgruppa fordeler seg i høve til grensa for bekymring. Kvar skule set i verk tiltak slik at elevane under grensa kan “koma over” bekymringsgrensa. Høgare lærartettleik i 1.-4. kl. gir rom for tilrettelegging.

### Nasjonale prøver i lesing

Nasjonale prøver i lesing skal som tidlegare nemnt, kartleggje i kva grad elevane sine leseferdigheitar er i samsvar med kompetansemål der leseferdigheitar er integrert. Tekstane på prøva er difor henta frå fleire ulike fag.

Dei nasjonale prøvene i lesing omfattar tre aspekt. Elevane skal vise at dei kan:

1. finne informasjon
2. forstå og tolke teksten
3. reflektere over og vurdere teksten sin form og innhald

### 5. trinn

Tabellen under syner at Vindafjord prosentvis har ei større gruppe på nivå 1 enn både Rogaland og nasjonalt. På meistringsnivå 2 er det ikkje så store avvik samanlikna med Rogaland og nasjonalt. I perioden ligg Vindafjord over i tre av fem år. På meistringsnivå 3 ligg Vindafjord under alle fem åra.

Indikator og nøkkeltall	Mestringsnivå 1	Mestringsnivå 2	Mestringsnivå 3
<b>2015-16 - Vindafjord kommune</b>	<b>31,4</b>	<b>49,5</b>	<b>19,9</b>
2015-16 - Rogaland fylke	24,9	51,3	22,1
2015-16 - Nasjonalt	24,4	49,2	26,4
<b>2016-17 - Vindafjord kommune</b>	<b>26,7</b>	<b>53,7</b>	<b>19,8</b>
2016-17 - Rogaland fylke	26,6	51,3	22,1
2016-17 - Nasjonalt	25,4	50,7	23,9
<b>2017-18 - Vindafjord kommune</b>	<b>35,2</b>	<b>55,6</b>	<b>9,3</b>
2017-18 - Rogaland fylke	25,3	54,0	20,7
2017-18 - Nasjonalt	23,8	53,0	23,2

<b>2018-19 - Vindafjord kommune</b>	<b>31,7</b>	<b>50,5</b>	<b>17,8</b>
2018-19 - Rogaland fylke	23,6	56,0	20,4
2018-19 - Nasjonalt	23,2	54,5	22,3
<b>2019-20 - Vindafjord kommune</b>	<b>30</b>	<b>61,8</b>	<b>8,2</b>
2019-20 - Rogaland fylke	22,3	57,0	20,7
2019-20 - Nasjonalt	23,0	55,6	21,5

## 8. trinn

Ser ein meistringsnivået i lesing etter 8. trinn opp mot resultata i Rogaland og heile landet, er det mellom anna skilnaden mellom nivåa 1+2, nivå 3 og nivåa 4+5 som er interessante å samanlikna.

Hausten 2019 hadde Vindafjord færre elevar frå 8. trinn på dei to lågaste nivåa enn både fylket og heile landet. Det er òg færre vindafjordelevar på nivå 1+2 enn åra før. Viss vi ser i andre enden av skalaen, ser det òg ut til å vere ein positiv trend for skulane i Vindafjord. I dei aller fleste åra som er med i tabellen, er det markant færre av elevane våre på 8. trinn som skårar tilsvarande nivå 5, samanlikna med snittet i fylket og nasjonalt. For skuleåret 2019-20 er det omvendt. Denne utlikninga det siste året gjeld òg om ein legg saman andelen elevar på dei to øverste nivåa.

Det blir viktig å følgje med framover om dette er ei varig endring. Spørsmålet blir: Korleis kan ein sikre at denne fordelinga på nivå blir stabilisert, og at ein kan redusere gruppa på nivå 1 i fortsetjinga og samstundes få fleire i dei øvre nivågruppene?

Indikator og nøkkeltall	Mestringsnivå 1	Mestringsnivå 2	Mestringsnivå 3	Mestringsnivå 4	Mestringsnivå 5
<b>2015-16 - Vindafjord komm.</b>	<b>9,8</b>	<b>28,4</b>	<b>33,3</b>	<b>22,5</b>	<b>5,9</b>
2015-16 - Rogaland fylke	8,7	21,5	38,4	21,2	10,3
2015-16 - Nasjonalt	8,6	21,2	37,8	21,4	11,0
<b>2016-17 - Vindafjord komm.</b>	<b>6,8</b>	<b>22,2</b>	<b>43,6</b>	<b>19,7</b>	<b>7,7</b>
2016-17 - Rogaland fylke	10,3	17,9	43,1	17,5	11,2
2016-17 - Nasjonalt	9,7	17,6	41,4	19,5	11,8
<b>2017-18 - Vindafjord komm.</b>	<b>9,8</b>	<b>24,5</b>	<b>40,2</b>	<b>13,7</b>	<b>11,8</b>
2017-18 - Rogaland fylke	8,0	17,2	43,1	20,9	10,7
2017-18 - Nasjonalt	8,8	17,8	42,0	20,2	11,2
<b>2018-19 - Vindafjord komm.</b>	<b>7,8</b>	<b>15,5</b>	<b>53,4</b>	<b>15,5</b>	<b>7,8</b>
2018-19 - Rogaland fylke	8,7	16,4	42,9	21,7	10,3
2018-19 - Nasjonalt	9,1	16,7	42,5	21,2	10,5
<b>2019-20 - Vindafjord komm.</b>	<b>9,9</b>	<b>10,9</b>	<b>46,5</b>	<b>22,8</b>	<b>9,9</b>
2019-20 - Rogaland fylke	9,7	14,9	43,1	23,2	9,1
2019-20 - Nasjonalt	9,8	14,7	43,1	23,2	9,2

## 9. trinn

Når det gjeld dette trinnet, er det eit historisk lågt tal på elevar i Vindafjord på nivå 1. Det gjeld òg om ein ser dei to lågaste nivåa i samanheng. Det er litt færre av 9. trinnselevane våre på nivå 5 enn dei siste par åra, men om ein legg dei to øverste nivåa saman, er det likevel ein framgang. Som skrivje over om 8. trinn, vil det vere viktig å følgje utviklinga vidare.

Indikator og nøkkeltall	Mestringsnivå 1	Mestringsnivå 2	Mestringsnivå 3	Mestringsnivå 4	Mestringsnivå 5
<b>2015-16 - Vindafjord komm.</b>	<b>6,9</b>	<b>25,4</b>	<b>30,8</b>	<b>23,1</b>	<b>13,8</b>
2015-16 - Rogaland fylke	5,7	14,8	33,2	27,3	11,9
2015-16 - Nasjonalt	5,3	14,4	33,3	27,0	19,9
<b>2016-17 - Vindafjord komm.</b>	<b>4,9</b>	<b>21,6</b>	<b>35,3</b>	<b>22,5</b>	<b>15,7</b>
2016-17 - Rogaland fylke	5,9	11,6	37,5	24,3	20,6
2016-17 - Nasjonalt	5,4	11,1	35,8	24,6	23,1
<b>2017-18 - Vindafjord komm.</b>	<b>4,3</b>	<b>11,1</b>	<b>42,7</b>	<b>23,1</b>	<b>18,8</b>
2017-18 - Rogaland fylke	5,0	17,1	41,4	21,7	12,2
2017-18 - Nasjonalt	5,1	12,1	37,3	24,6	21,0
<b>2018-19 - Vindafjord komm.</b>	<b>8,7</b>	<b>9,6</b>	<b>35,6</b>	<b>26,9</b>	<b>19,2</b>
2018-19 - Rogaland fylke	5,6	18,9	43,5	19,7	12,1
2018-19 - Nasjonalt	5,8	11,4	36,2	26,7	20,1
<b>2019-20 - Vindafjord komm.</b>	<b>2,0</b>	<b>10,9</b>	<b>36,6</b>	<b>34,7</b>	<b>15,8</b>
2019-20 - Rogaland fylke	5,8	9,2	35,9	29,9	19,1
2019-20 - Nasjonalt	6,0	9,2	35,8	29,7	19,3

### Vurdering

Tabellen med kartleggingsprøva i lesing 1.klasse viser ein oversikt over resultata for elevar født i 2012. Måleresultata i 2019 skil seg ikkje vesentleg ut frå tidlegare kartleggingar.

Kartlegginga som vert gjennomført i 1. klasse viser ca (70 +/-5)% over bekymringsgrensa og (30+/-5)% under bekymringsgrensa.

For 2. og 3. klasse viser det samla resultatet mykje det same. Utfordringa for skulane er å ha fokus på dei mest utfordrande emnene og å få sett inn tiltak som hjelper eleven vidare slik at fleire kjem over bekymringsgrensa. No er det utarbeidd ein leseplan for 1.-7.klasse frå 2020. Dette gir grunnlag for skuleeigar til å kvalitetssikre arbeidet med både begynnaropplæringa og lesing i alle fag gjennom heile skuleløpet. Eit aktuelt tiltak for utvikling på sikt kan vere å sjå språkarbeidet i barnehage og leseopplæringa i skule meir i samanheng.

Variasjonar i resultatata for nasjonale prøver kan skyldast mange faktorar. Det er mellom anna viktig å vera klar over at det ikkje er dei same elevane som blir kartlagde frå år til år. Det er samstundes ikkje grunn til å vere fornøgd med at Vindafjord ligg under nasjonalt nivå på meistringsnivå 1 og 3 i 5. klasse. Her har ein fokus på å redusera gruppa som hamnar på nivå 1 og få ei forskyving over i nivå 2 og 3. Dette involverer alle fag. Klassen og alle klasselærarane har fokus på utfordringar som kjem fram i nasjonal prøve for 5. klasse, 8. klasse og 9.klasse. Kvar skule lagar ein oversikt over sterke sider og utfordringane ein har og overvakar korleis utviklinga er over fleire år.

Elevane på 9. trinn gjennomfører den same nasjonale prøva i lesing som elevane på 8. trinn. Denne prøva er laga etter kompetansemåla på 7. trinn. Tabellen nedanfor viser i kor stor grad elevane sine resultat blir betre. Det er forventa at snittet skal auke med ca 4 poeng om læringsutviklinga er "normal".

NP	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5	Snitt poeng
Les 8.kl 2016-17	9,8 %	28,4%	33,3%	22,5%	5,9%	49
Les 9.kl 2017-18	4,3%	11,1%	42,7%	23,1%	18,8%	53
Les 8.kl 2017-18	9,8%	24,5%	40,2%	13,7%	11,8%	49
Les 9.kl 2018-19	8,7%	9,6%	35,6%	26,9%	19,2%	52
Les 8.kl 2018-19	7,8%	15,5%	53,4%	15,5%	7,8%	49
Les 9.kl 2019-20	2,0%	10,9%	36,6%	34,7%	15,8%	54

Elevane på 9. trinn i Vindafjord skuleåret 2019-20 presterte 5 skalapoeng betre enn då dei tok leseprøva på 8. trinn i 2018-19. Elevane i Vindafjordskulen hadde med andre ord ein auke i skår frå 8. til 9. trinn dette året som er høgare enn landsgjennomsnittet.

For å sikre best moglege læringsresultat er det viktig at den enkelte skulen jamleg vurderer eigne resultat opp mot gjeldande praksis. I praksis betyr dette mellom anna at skulane i Vindafjord er «tett på» og følgjer opp den undervisninga som skjer på eigen eining.

## Rekning

Høg kvalitet i rekneopplæringa er ein føresetnad for å utvikle gode rekneferdigheitar hos den enkelte elev.

### Kartleggingsprøver i rekning

Kartleggingsprøvene i rekning måler elevane si forståing av omgrep og evna til å bruka dei i rekning. Resultata eignar seg ikkje som styringsinformasjon, og kan ikkje brukast til å samanlikne skular, kommunar eller fylke. Prøvene skal brukast i klasserommet og på skulen slik at kvar elev med ekstra utfordring vert oppdaga tidleg i opplæringa, og oppfølging/ tiltak blir sett i verk.

Grafane nedanfor samanliknar derfor ikkje resultat med andre kommunar, men viser korleis årskulla utviklar seg når det gjeld korleis elevar skårar i forhold til ei definert bekymringsgrense. Ved å følge årskulla kan skulane vurdere effekten av dei tiltaka som er sette i verk for dei elevane som har skåra rundt eller under grensa for bekymring.

### Rekning 1. og 3.kl - skuleåret 2018-19

	På eller under bekymringsgrensen	Over bekymringsgrensen
Hele prøven:	30,28%	69,72%
Hele prøven:	31,82%	68,18%
Hele prøven:	31,87%	68,13%

Tabellen med kartleggingsprøva i rekning for 1. - 3. klasse viser ein oversikt over resultatata for elevar født i 2012, 2011 og 2010. Måleresultatata i 2019 skil seg ikkje vesentleg ut frå tidlegare kartleggingar. Kartlegginga som vert gjennomført i 1. klasse viser ca (70 +/-2)% over bekymringsgrensa og (30 +/-2)% under bekymringsgrensa.

For 2. og 3. klasse viser det samla resultatet mykje det same. Utfordringa for skulane er å ha fokus på dei mest utfordrande emna og å få sett inn tiltak som hjelper den einskilde eleven vidare slik at fleire kjem over bekymringsgrensa.

### Nasjonale prøver i rekning

Nasjonale prøver i rekning skal kartleggje i kva grad elevane sine rekneferdigheitar er i samsvar med kompetansemåla der rekneferdigheitar er integrert. Dette inneber at nasjonale prøver i rekning ikkje er ei prøve i matematikk som fag, men ei prøve i rekning som grunnleggjande ferdigheit.

Dei nasjonale prøvene i rekning dekkjer tre innhaldsområde:

- Tal
- Måling
- Statistikk

Prøvene i rekning tar utgangspunkt i korleis elevane nyttar rekning i ulike faglege og daglegdagse samanhengar. På 5. trinn inneber det at elevane forstår korleis dei:

- kan løyse ei gitt utfordring
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara er rimelege
- kan ha effektive strategiar for enkel talrekning

På ungdomstrinnet inneber det at elevane:

- forstår og kan reflektere over korleis dei best kan løyse ei gitt utfordring,
- kan løyse problemet ved hjelp av rekneoperasjonar
- kan vurdere om svara dei får er rimelege
- kan vise effektive strategiar for enkel talrekning

## 5. trinn

Indikator og nøkkeltall	Mestringsnivå 1	Mestringsnivå 2	Mestringsnivå 3
<b>2015-16 - Vindafjord kommune</b>	<b>28,6</b>	<b>48,6</b>	<b>22,9</b>
2015-16 - Rogaland fylke	22,4	50,1	27,5
2015-16 - Nasjonalt	23,7	51,0	25,3
<b>2016-17 - Vindafjord kommune</b>	<b>22,5</b>	<b>57,8</b>	<b>19,6</b>
2016-17 - Rogaland fylke	22,1	53,6	24,3
2016-17 - Nasjonalt	23,0	51,3	25,0
<b>2017-18 - Vindafjord kommune</b>	<b>32,7</b>	<b>49,5</b>	<b>17,8</b>
2017-18 - Rogaland fylke	22,4	52,6	25,0
2017-18 - Nasjonalt	23,0	51,3	25,6
<b>2018-19 - Vindafjord kommune</b>	<b>28,7</b>	<b>47,5</b>	<b>23,8</b>
2018-19 - Rogaland fylke	23,1	52,1	24,8
2018-19 - Nasjonalt	23,1	51,3	25,6
<b>2019-20 - Vindafjord kommune</b>	<b>25,5</b>	<b>57,3</b>	<b>17,3</b>
2019-20 - Rogaland fylke	21,9	50,9	27,2
2019-20 - Nasjonalt	23,8	50,8	25,4

Oversikta over resultatene på Nasjonale prøver i rekning på 5. trinn i Vindafjord viser varierende resultat frå år til år. I 2015-20 scora 28,6% av elevane tilsvarande nivå 1 (det lågaste) i rekning. I 2019-20 var dette talet 25,5%. Samstundes har elevar på nivå 3 minka frå 22,9% i 2015-16 til 17,3% i 2019-20, med variasjon frå år til år.

I tabellen for 5. trinn over ser vi at fylket og landet har ei litt meir stabil fordeling mellom nivå år for år.

## 8. trinn

Indikator og nøkkeltall	Mestringsnivå 1	Mestringsnivå 2	Mestringsnivå 3	Mestringsnivå 4	Mestringsnivå 5
<b>2015-16 - Vindafjord kommune</b>	<b>3,8</b>	<b>22,9</b>	<b>51,4</b>	<b>18,1</b>	<b>3,8</b>
2015-16 - Rogaland fylke	6,8	20,5	39,0	22,6	11,0
2015-16 - Nasjonalt	7,6	21,8	37,5	22,0	11,0
<b>2016-17 - Vindafjord kommune</b>	<b>6,9</b>	<b>23,3</b>	<b>40,5</b>	<b>22,4</b>	<b>6,9</b>
2016-17 - Rogaland fylke	7,0	21,5	39,5	21,4	10,6
2016-17 - Nasjonalt	7,3	22,4	38,9	20,6	10,8
<b>2017-18 - Vindafjord kommune</b>	<b>*</b>	<b>30,1</b>	<b>34,0</b>	<b>25,2</b>	<b>*</b>
2017-18 - Rogaland fylke	5,9	21,4	37,1	23,9	11,7
2017-18 - Nasjonalt	7,7	22,4	37,6	21,6	10,8
<b>2018-19 - Vindafjord kommune</b>	<b>11,7</b>	<b>17,5</b>	<b>40,8</b>	<b>21,4</b>	<b>8,7</b>
2018-19 - Rogaland fylke	7,6	18,9	37,5	24,4	11,6
2018-19 - Nasjonalt	8,7	21,0	37,5	22,6	10,3
<b>2019-20 - Vindafjord kommune</b>	<b>8,9</b>	<b>22,8</b>	<b>34,7</b>	<b>23,8</b>	<b>9,9</b>
2019-20 - Rogaland fylke	6,7	21,7	38,4	22,2	11,0
2019-20 - Nasjonalt	7,4	23,3	38,4	20,7	10,3

Oversikta over resultatene på Nasjonale prøver i rekning på 8. trinn i Vindafjord viser varierende resultat frå år til år. I perioden 2015-19 ligg den største elevgruppa på nivå 3 og 4. Nivå 5 har ikkje over 10% av elevane. Litt lågare enn Rogaland og nasjonalt.

## 9. trinn

Indikator og nøkkeltall	Mestringsnivå 1	Mestringsnivå 2	Mestringsnivå 3	Mestringsnivå 4	Mestringsnivå 5
<b>2015-16 - Vindafjord komm.</b>	<b>6,7</b>	<b>31,7</b>	<b>35,6</b>	<b>18,3</b>	<b>7,7</b>
2015-16 - Rogaland fylke	3,9	14,8	33,2	28,1	21,4
2015-16 - Nasjonalt	4,4	14,7	33,6	27,3	20,0
<b>2016-17 - Vindafjord komm.</b>	<b>11,1</b>	<b>17,1</b>	<b>50,4</b>	<b>18,8</b>	<b>2,6</b>
2016-17 - Rogaland fylke	3,9	14,8	34,7	25,6	21,0
2016-17 - Nasjonalt	4,3	15,5	34,2	25,2	20,9

<b>2017-18 - Vindafjord komm.</b>	<b>16,2</b>	<b>20,0</b>	<b>40,0</b>	<b>18,1</b>	<b>5,7</b>
2017-18 - Rogaland fylke	5,1	14,9	32,3	26,7	21,4
2017-18 - Nasjonalt	4,2	15,2	33,6	26,3	20,7
<b>2018-19 - Vindafjord komm.</b>	<b>8,8</b>	<b>23,5</b>	<b>41,2</b>	<b>18,6</b>	<b>7,8</b>
2018-19 - Rogaland fylke	4,4	13,4	31,9	28,6	21,7
2018-19 - Nasjonalt	4,8	14,3	32,7	28,3	19,8
<b>2019-20 - Vindafjord komm.</b>	<b>11,9</b>	<b>22,8</b>	<b>38,6</b>	<b>20,8</b>	<b>5,9</b>
2019-20 - Rogaland fylke	4,0	13,9	32,4	27,0	22,7
2019-20 - Nasjonalt	4,5	15,5	34,2	25,7	20,1

Rekning i 9. klasse viser at ein høg prosent av elevane ligg på nivå 1 – over 10 % fleire år. Elevgruppa på nivå 2 og 3 er større enn nivågruppa 3 og 4. Nivå 5 ligg godt under nivået i fylke og nasjonalt.

Tabellane nedanfor viser resultatata for dei same elevane på nasjonale prøver i rekning når de gikk 8. og 9. trinn. Det er av særskilt interesse å følgje utviklinga til kvart enkelt kull, då det gir skulane mykje informasjon om i kor stor grad elevane sine resultat blir betre.

NP	Nivå 1	Nivå 2	Nivå 3	Nivå 4	Nivå 5	Snitt poeng
Rekning 8.kl 2016-17	6,9%	23,3%	40,5%	22,4%	6,9%	50
Rekning 9.kl 2017-18	*	*	31,6%	24,8%	20,5%	53
Rekning 8.kl 2017-18	*	30,1%	34,0%	25,2%	*	48
Rekning 9.kl 2018-19	7,7%	11,5%	43,3%	25,0%	12,5%	52
Rekning 8.kl 2018-19	11,7%	17,5%	40,8%	21,4%	8,7%	49
Rekning 9.kl 2019-20	4,0%	15,8%	27,7%	32,7%	19,8%	54

Elevane på 9. trinn gjennomfører den same nasjonale prøva som elevane på 8. trinn. Denne prøven er laga etter kompetansemåla på 7. trinn. Det er derfor forventa at elevane skal prestere betre på prøva på 9. trinn enn på 8. trinn. På nasjonalt nivå ligg elevane på 9. trinn mellom 3 og 4 skalapoeng over elevane på 8. trinn. Elevane på 9. trinn i Vindafjord 2019-20 presterte 5 skalapoeng betre enn då dei tok leseprøva på 8. trinn i 2018-19. Elevane i vindafjordskulen har med andre ord ein auke frå 8. til 9. trinn som er høgare enn landsgjennomsnittet dette året.

For å sikre best moglege læringsresultat er det viktig at den enkelte skulen jamleg vurderer eigne resultat opp mot gjeldande praksis. I praksis betyr dette mellom anna at skulane i Vindafjord er «tett på» og følgjer opp den undervisninga som skjer på eiga eining.

## **Vurdering**

Eit felles trekk for kartleggingsprøver og nasjonale prøver i rekning i Vindafjord er at for mange elevar hamnar på eit lågt nivå. Eit mål er å løfta fleire elevar opp på eit høgare meistringsnivå; å få fleire frå nivå 1 over på nivå 2, og å få ei jamnare fordeling på dei øverste nivåa. Nasjonale prøver syner òg at meistringsnivået på midten omfattar mange elevar, medan talet på elevar på det høgaste meistringsnivået er noko under snittet for fylket og nasjonalt.

Ei utfordring er å styrka tal og talforståing tidleg i opplæringa. Arbeid med talforståing må vera med i alle fag og emne ein arbeider med. Det same gjeld innhaldsområda som vert målte i nasjonale prøver. Rekning og bruk av tal må ha sin plass i alle fag gjennom skuleløpet.

God fagleg kompetanse hjå lærarar som underviser i matematikk er viktig. I dag er kompetansekrav 30 studiepoeng i matemafikk for lærarar som underviser i matematikk på 1.-7. trinn og 60 studiepoeng for matematikklærarar på 8.-10. trinn. Ved å prioritera at faglærar i matematikk på alle trinn har slik kompetanse, vil kommunen vera med å heva den grunnleggjande ferdigheiten rekning

For å oppnå dette, har ein dei siste åra satsa på vidareutdanning i matematikk for lærarar. Skuleåret 2017-18 gjekk tre lærarar på vidareutdanning i matematikk gjennom ordninga 'Kompetanse for kvalitet'. I skuleåra 2018-19 og 2019-20 fekk fem nye lærarar tilsvarande vidareutdanning. Skuleåret 2020-21 får seks nye lærarar ta vidareutdanning i faget. For å nytta denne kompetansen i kommunen, må ein leggje til rette for at lærarar kan lære av kvarandre i profesjonelle læringsfellesskap, både internt og på tvers av skular. Gode fagmiljø ved kvar skule er viktig, men det krev fleire faglærarar ved kvar skule.

## **Engelsk**

### **Kartleggingsprøver i engelsk**

Kartleggingsprøvene i engelsk testar elevane sine leseferdigheiter i engelsk. Prøvene er ikkje utvikla for å samanstillje resultatata, og resultatata eignar seg difor ikkje som styringsinformasjon. Dei kan ikkje brukast til å samanlikne skular, kommunar eller fylke. Kartleggingsprøva i engelsk er bare obligatorisk gjennomført på 3. trinn.

## Engelsk 3.kl - skuleåret 2018-19


	På eller under bekymringsgrense	Over bekymringsgrense
Lytting	14	43
Lesing	13	44

Ved gjennomgang av tala i samband med utarbeiding av denne rapporten, ser ein at ikkje alle skular har gjennomført den obligatoriske kartleggingsprøva i engelsk på 3. trinn. Det viser at skuleadministrasjonen framover må ha eit system for å fange opp slikt tidlegare.

### Nasjonale prøver i engelsk

Engelsk er ikkje ein av dei grunnleggjande ferdigheitane. Nasjonale prøver i engelsk skal såleis kartleggje i kva grad elevane sine leseferdigheitar i engelsk er i samsvar med kompetansemåla i læreplanen, og skal brukast som grunnlag for tilpassing og utvikling i faget. Nasjonale prøver i engelsk blir ikkje gjennomført på 9.trinn.

### 5. trinn




Vindafjord kommune, Grunnskole, Nasjonale prøver 5. trinn, Alle eierformer, Trinn 5, Begge kjønn

Oversikta over resultata på Nasjonale prøver i engelsk på 5. trinn i Vindafjord ser ut til å vise ein tydeleg nedadgåande tendens. I 2015-16 scora 25% av elevane på dette trinnet tilsvarende nivå 1 (det lågaste) i engelsk. I 2019-20 har dette talet auka til 45,9%. Samstundes har andelen elevar på nivå 3 minka frå 20,2% i 2015-16 til 12,8% i 2019-20, men med noko variasjon frå år til år.

I tabellen under ser vi at korkje fylket eller landet har den same utviklingstendensen.

Indikator og nøkkeltall	Mestringsnivå 1	Mestringsnivå 2	Mestringsnivå 3
<b>2015-16 - Vindafjord kommune</b>	<b>25,0</b>	<b>54,8</b>	<b>20,2</b>
2015-16 - Rogaland fylke	23,8	50,0	26,2
2015-16 - Nasjonalt	25,5	50,3	24,2
<b>2016-17 - Vindafjord kommune</b>	<b>30,7</b>	<b>54,5</b>	<b>14,9</b>
2016-17 - Rogaland fylke	23,6	51,2	25,2
2016-17 - Nasjonalt	24,4	51,4	24,2
<b>2017-18 - Vindafjord kommune</b>	<b>31,8</b>	<b>51,4</b>	<b>16,8</b>
2017-18 - Rogaland fylke	22,2	52,5	25,3
2017-18 - Nasjonalt	23,2	51,3	25,5
<b>2018-19 - Vindafjord kommune</b>	<b>29,7</b>	<b>52,5</b>	<b>17,8</b>
2018-19 - Rogaland fylke	22,4	49,1	28,5
2018-19 - Nasjonalt	23,3	50,4	26,3
<b>2019-20 - Vindafjord kommune</b>	<b>45,9</b>	<b>41,3</b>	<b>12,8</b>
2019-20 - Rogaland fylke	23,4	48,7	27,9
2019-20 - Nasjonalt	24,7	49,1	26,2

## 8. trinn



For 8. trinn ser vi større svingingar i resultat over den femårsperioden som tabellen viser. Andelen elevar på nivå 1 (det lågaste) er høgare i 2019-20 enn året før, men lågare enn i 2017-18. Andelen elevar på nivå 2, 3 og 4 følger i stor grad åra før, medan det er ein del variasjon på nivå 5. Prøvene på 8. trinn måler i hovudsak den kompetansen dei har med seg frå barnetrinnet.

I tabellen under ser vi at resultatene på landsbasis og i fylket stort sett ligger over resultatene for Vindafjord når det gjelder engelsk på dette trinnet. Samstundes svinger de i og for seg fra år til år.

Indikator og nøkkeltall	Mestringsnivå 1	Mestringsnivå 2	Mestringsnivå 3	Mestringsnivå 4	Mestringsnivå 5
<b>2015-16 - Vindafjord kommune</b>	<b>6,7</b>	<b>31,7</b>	<b>35,6</b>	<b>18,3</b>	<b>7,7</b>
2015-16 - Rogaland fylke	7,1	18,5	42,6	20,0	11,9
2015-16 - Nasjonalt	8,6	19,1	42,0	19,2	11,1
<b>2016-17 - Vindafjord kommune</b>	<b>11,1</b>	<b>17,1</b>	<b>50,4</b>	<b>18,8</b>	<b>2,6</b>
2016-17 - Rogaland fylke	7,9	17,1	43,6	20,3	11,1
2016-17 - Nasjonalt	9,0	17,7	42,7	19,8	10,8
<b>2017-18 - Vindafjord kommune</b>	<b>16,2</b>	<b>20,0</b>	<b>40,0</b>	<b>18,1</b>	<b>5,7</b>
2017-18 - Rogaland fylke	7,6	17,1	41,4	21,7	12,2
2017-18 - Nasjonalt	8,4	18,8	41,1	20,8	10,9
<b>2018-19 - Vindafjord kommune</b>	<b>8,8</b>	<b>23,5</b>	<b>41,2</b>	<b>18,6</b>	<b>7,8</b>
2018-19 - Rogaland fylke	5,9	18,9	43,5	19,7	12,1
2018-19 - Nasjonalt	8,0	18,9	42,4	19,4	11,3
<b>2019-20 - Vindafjord kommune</b>	<b>11,9</b>	<b>22,8</b>	<b>38,6</b>	<b>20,8</b>	<b>5,9</b>
2019-20 - Rogaland fylke	7,8	17,4	42,4	20,2	12,3
2019-20 - Nasjonalt	8,4	18,4	42,4	19,2	11,6

### Vurdering

Når vi les av disse grafene og tabellene, kan det sjå ut som ein ikkje har hatt den utviklinga i engelskfaget som er ønskeleg i Vindafjord kommune. Spesielt på barnetrinnet er biletet så tydeleg at det ikkje kan skyldast tilfelle, eller at det er ulike elevar som blir testa frå år til år. Det er likevel verd å merke seg at resultatene i engelsk ved slutten av ungdomstrinnet (standpunkt og eksamen) ikkje gir same grunn til bekymring.

Ein har dei siste åra satsa på vidareutdanning i engelsk for lærarar, spesielt frå barnetrinnet. Skuleåret 2017-18 gjennomgjekk seks lærarar vidareutdanning i engelsk gjennom ordninga 'Kompetanse for kvalitet'. I skuleåra 2018-19 og 2019-20 fekk ytterlegare fire lærarar tilsvarande vidareutdanning. Komande skuleår skal to nye lærarar ta vidareutdanning i engelsk under denne ordninga.

Resultata fortel oss likevel at denne vidareutdanninga førebels ikkje har fått den effekten ho bør på elevane sitt læringsutbytte i faget på barnetrinnet. Det er eit mål for Vindafjordskulen å liggje på nasjonalt nivå på Nasjonale prøver i engelsk på sikt. Derfor satsar ein framleis på vidareutdanning. I tillegg må ein leggje til rette for at lærarar kan lære av kvarandre i profesjonelle læringsfellesskap, både internt og på tvers av skular.

## Sluttvurdering

Standpunkt karakterar og karakterar frå sentralt og lokalt gitt eksamen i grunnskulen og i vidaregåande opplæring utgjer det som i den gjeldande vurderingsføresegna er beteikna som *sluttvurdering*. Denne vurderinga gir informasjon om den kompetansen eleven har oppnådd i faget i høve til dei samla kompetansemåla i læreplanverket, ved avslutninga av opplæringa i faget. Eksamen prøver ein meir avgrensa del av kompetansemåla i faga.

Elevane får standpunkt karakter i alle fag, kan bli prøvd i anten norsk, matematikk eller engelsk ved sentralt gitt skriftleg eksamen og i eitt av dei teoretiske faga ved lokalt gitt munnleg eksamen. I samband med innføringa av nytt læreplanverk, er gjeldande eksamensordning oppe til vurdering. Det nedsette eksamensutvalet leverte sin sluttrapport i januar 2020.

Den gjeldande karakterskalaen er 1-6, med 6 som beste karakter. Karakterane i tabellane under blir vist som gjennomsnitt. Utdanningsdirektoratet sine karakterbeskrivingar:

- 1 uttrykker at eleven har svært låg kompetanse i faget
- 2 uttrykker at eleven har låg kompetanse i faget
- 3 uttrykker at eleven har nokså god kompetanse i faget
- 4 uttrykker at eleven har god kompetanse i faget
- 5 uttrykker at eleven har mykje god kompetanse i faget
- 6 uttrykker at eleven har framifrå kompetanse i faget

## Norsk

Standpunkt karakterane i norsk hovudmål 2019 for elevane i Vindafjord viser eit gjennomsnitt på 3,9, det same var resultatet i Rogaland og heile landet. I norsk sidemål skårar avgangselevane i Vindafjord 4,0, og i norsk munnleg 4,3. Standpunktresultata våre i norsk er som fylkes- og landsgjennomsnittet eller litt over. Det har vore svake svingingar i standpunktresultata i løpet av dei siste fem åra.

Standpunkt Norsk h.mål	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
<b>Vindafjord kommune</b>	<b>3,6</b>	<b>3,9</b>	<b>4,0</b>	<b>3,8</b>	<b>3,9</b>
Rogaland	3,8	3,8	3,8	3,8	3,9
Nasjonalt	3,8	3,8	3,8	3,9	3,9

Standpunkt Norsk s.mål	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
<b>Vindafjord kommune</b>	<b>3,7</b>	<b>3,9</b>	<b>4,1</b>	<b>3,8</b>	<b>4,0</b>
Rogaland	3,6	3,6	3,7	3,7	3,8
Nasjonalt	3,6	3,7	3,7	3,7	3,8
Standpunkt Norsk munnleg	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
<b>Vindafjord kommune</b>	<b>4,1</b>	<b>4,4</b>	<b>4,5</b>	<b>4,2</b>	<b>4,3</b>
Rogaland	4,2	4,3	4,3	4,3	4,3
Nasjonalt	4,2	4,2	4,3	4,3	4,3

Eksamen Norsk h.mål	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
<b>Vindafjord</b>	<b>3,0</b>	<b>3,7</b>	<b>3,4</b>	<b>3,2</b>	<b>3,6</b>
Rogaland	3,5	3,5	3,4	3,5	3,5
Nasjonalt	3,4	3,5	3,4	3,5	3,4
Eksamen Norsk s.mål	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
<b>Vindafjord</b>	<b>3,1</b>	<b>3,2</b>	<b>3,6</b>	<b>3,5</b>	<b>3,7</b>
Rogaland	3,2	3,2	3,4	3,5	3,3
Nasjonalt	3,1	3,2	3,3	3,4	3,1
Eksamen norsk munnleg	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
<b>Vindafjord</b>	<b>4,0</b>	<b>4,4</b>	<b>4,6</b>	<b>4,5</b>	<b>4,7</b>
Rogaland	4,3	4,4	4,4	4,4	4,4
Nasjonalt	4,4	4,4	4,4	4,5	4,5

Gjennomsnittlege eksamenskarakterar i norsk viser ein svak til tydeleg stigande tendens over dei same åra. Vindafjordelevane skårar høgare på alle dei tre eksamenane i norsk enn både fylket og resten av landet i 2019. Medan dei vi samanliknar med har lågare enn sist år eller likt resultat på eksamenane i norsk, har Vindafjord betre resultat. Såleis er avstanden

mellom landet og Vindafjord kommune i til dømes norsk sidemål auka signifikant det siste året, i Vindafjord sin favør .

## Matematikk

Standpunkt Matematikk	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
<b>Vindafjord</b>	<b>3,5</b>	<b>3,6</b>	<b>3,4</b>	<b>3,5</b>	<b>3,4</b>
Rogaland	3,5	3,6	3,5	3,6	3,5
Nasjonalt	3,5	3,5	3,6	3,7	3,7

Standpunktkarakterar i matematikk i Vindafjord har variert ein del i perioden som er vist i tabellen over, men svingingane har ikkje vore store. Dei fleste åra har desse karakterane lege på eller rett under fylket og landet. Dei siste to åra har avgangselevane i Vindafjord plassert seg noko under snittet for fylket, og spesielt heile landet.

Eksamen Matematikk	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
<b>Vindafjord</b>	<b>2,8</b>	<b>3,6</b>	<b>3,0</b>	<b>2,9</b>	<b>3,6</b>
Rogaland	3,0	3,4	3,5	3,7	3,6
Nasjonalt	2,9	3,3	3,4	3,6	3,6
Eksamen munnleg matem.	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
<b>Vindafjord</b>	<b>4,3</b>	<b>4,1</b>	<b>3,7</b>	<b>3,8</b>	<b>4,2</b>
Rogaland	4,0	4,1	4,1	4,1	4,1
Nasjonalt	4,1	4,1	4,1	4,2	4,2

I matematikk viser Vindafjord sine gjennomsnittlege eksamensresultat ein svært svingande tendens, spesielt når det gjeld den skriftlege prøva (sentralt gitt eksamen). Tre av dei siste fem åra utmerkar seg, som ein kan sjå av tabellen over, særleg negativt. For skuleåret 2018-19 er resultatata på dei to eksemenane attende på nivå med fylket og landet.

## Engelsk

Standpunkt skriftleg engelsk	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
<b>Vindafjord</b>	<b>3,8</b>	<b>3,9</b>	<b>4,0</b>	<b>3,9</b>	<b>3,9</b>
Rogaland	3,9	3,9	3,9	3,9	4,0
Nasjonalt	3,9	3,9	3,9	4,0	4,0
Standpunkt munnleg engelsk	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
<b>Vindafjord</b>	<b>4,0</b>	<b>4,1</b>	<b>4,4</b>	<b>4,1</b>	<b>4,2</b>
Rogaland	4,2	4,3	4,3	4,3	4,3
Nasjonalt	4,2	4,2	4,3	4,3	4,3

Standpunkt karakterane i engelsk i Vindafjord skulen ser ut til å ha ei stabil trendutvikling. Over tid følgjer standpunktresultata for engelsk i Vindafjord i stor grad Rogaland og nasjonalt snitt; av og til rett over, og av og til rett under, men ingen signifikant forskjell. Pr. 2019 er desse standpunktresultata marginalt dårlegare enn resultata i fylket og landet sett under eitt.

Eksamen skriftleg engelsk	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
<b>Vindafjord</b>	<b>3,8</b>	<b>3,6</b>	<b>3,7</b>	<b>4,0</b>	<b>3,6</b>
Rogaland	3,9	3,6	3,8	3,7	3,7
Nasjonalt	3,7	3,6	3,8	3,7	3,8
Eksamen munnleg engelsk	2014-15	2015-16	2016-17	2017-18	2018-19
<b>Vindafjord</b>	<b>4,3</b>	<b>4,4</b>	<b>3,7</b>	<b>4,1</b>	<b>4,3</b>
Rogaland	4,5	4,4	4,5	4,5	4,5
Nasjonalt	4,4	4,5	4,5	4,5	4,6

På sentralt gitt (skriftleg) eksamen i engelsk følgjer Vindafjord i stor grad utviklinga for Rogaland og landet. Tendensen er at ein ligg marginalt under, men det er òg over tid eksempel på at ein ligg over, som i skuleåret 2017-18. Det inneber at resultatet i 2019 er lågare

enn året før. Resultat på munnleg eksamen (lokalt gitt) ligg tradisjonelt over det elevane oppnår på den skriftlege. Bortsett frå skuleåret 2016-17 ser vi det same i Vindafjord. Dei siste åra har avgangselevane i Vindafjord likevel skåra lågare enn snittet av elevane i Rogaland og nasjonalt på munnleg eksamen i engelsk.

### ***Vurdering***

Elevane sine sluttvurderingsresultat i grunnskulen i Vindafjord ligg generelt tett opp til resultatane i Rogaland og resten av landet. Både over tid, og for skuleåret 2018-19. Som vi ser over er det likevel nokre svingingar, og sjølv om vindafjordelevane til tider gjer det betre på til dømes eksamen, er det òg eksempel på det motsette. Sluttvurderinga i norsk ser ut til å kome best ut for Vindafjord, både når det gjeld stabilitet og faktiske resultat. Dette er ei utvikling som kan vere resultat av satsingar lokalt, mellom anna Vurdering for Læring og Ungdomstrinn i Utvikling.

Ein ser likevel ikkje heilt det same biletet i matematikk og engelsk, og det inneber at det må leggjast til rette for profesjonell refleksjon og læring med sikte på å etablere seg stabilt på landsnittet i desse faga òg. Viser elles til vurdering av resultatane på nasjonale prøver over, og til delen om profesjonelle læringsfellesskap og leiarutvikling i kap. 4, *Vindafjordskulen i utvikling?*

### **Skulebidragsindikatorar**

Skulebidragsindikatorane er ein relativ storleik som skal gi ein indikasjon på kva skulen sin innsats har å seie for elevane sine resultat. Indikatorane skal brukast i det lokale arbeidet med skular, og må sjåast i samanheng med annan informasjon om skulen.

Kvar elev som begynner på ein grunnskule har med seg mange føresetnadar som påverkar resultatane han eller ho får. Det er derfor uklart kva vi kan tilskrive skulen sin innsats. Det er likevel nettopp skulen sin innsats skulebidragsindikatorane forsøker å vise.

For å kunne måle dette, må ein kontrollere for tidlegare elevprestasjonar og for foreldrebakgrunn (føresette sitt utdanningsnivå, hushaldsinntekt og innvandringsbakgrunn).

Skulebidragsindikatorane er ein indikasjon og ikkje ei absolutt sanning, og dei gir ingen forklaring på kvifor bidraget er som det er. Dei må sjåast i samanheng med lokalt kunnskapsgrunnlag og annan relevant informasjon om skulen sin tilstand.

For elevane finst det ikkje tidlegare resultat enn nasjonale prøver på 5. trinn. For 1.-4. trinn blir det derfor kun kontrollert for familiebakgrunn, noko som gjer at estimatet ikkje blir like presist samanlikna med dei andre trinna. Grunnlaget for indikatorane er:

- **1.-4. trinn og 5.-7. trinn:** Elevane sine grunnleggjande ferdigheiter i engelsk, lesing og rekning.
- **8.-10. trinn:** Elevane si læring i eksamensfaget eleven kjem opp i.

Indikatorane seier ikkje noko om skulane sitt bidrag til læring i fag, og heller ikkje noko om skulen si evne til å ivareta andre delar av det breie oppdraget.


Ein skulebidragsindikator kan tolkast som forskjellen mellom det elevane ved skulen faktisk oppnår (t.d. snittkarakter på skriftleg eksamen 10. trinn) og det vi forventar at elevar skal oppnå når vi tar hensyn til elevane sine føresetnader.

- Indikatoren null tilseier at ein skule har eit faktisk resultat som er i tråd med forventa resultat, dvs. at skulebidraget er lik gjennomsnittet for alle skular i landet.
- Indikatorar med negativt forteikn indikerer at skulen har eit skulebidrag som ligg under landsnittet.
- Indikatorer med positivt forteikn indikerer at skulen har eit skulebidrag som ligg over landsnittet.

Ein negativ verdi betyr altså *ikkje* at skulen bidrar negativt til elevane sine resultat, men at bidraget er lågare enn landsnittet. Nedanfor ser vi skulebidragsindikatorane for Vindafjord kommune først uttrykt i ein tabell som viser avviket, og så i diagram som viser faktiske skalapoeng sett opp mot kva som er forventa. Indikatorane er vist for 1.-4. trinn, 5.-7. trinn og 8.-10. trinn.

Vindafjord kommune, Grunnskole, Skulebidrag **1.-4. trinn**, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn


Indikator og nøkkeltall	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Skulebidrag 1.-4. trinn	-2,0	-1,2	-1,8	-1,7	-1,4



Vindafjord kommune, Grunnskole, Skulebidrag 1.-4. trinn, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Vindafjord kommune, Grunnskole, Skolebidrag **5.-7. trinn**, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn


Indikator og nøkkeltall	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Skolebidrag 5.-7. trinn	0,1	-0,1	0,0	0,3	0,3



Vindafjord kommune, Grunnskole, Skolebidrag 5.-7. trinn, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Vindafjord kommune, Grunnskole, Skolebidrag **8.-10. trinn**, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Indikator og nøkkeltall	2014-2015	2015-2016	2016-2017	2017-2018	2018-2019
Skolebidrag 8.-10. trinn	-0,6	0,8	1,4	-0,4	-0,4



Vindafjord kommune, Grunnskole, Skolebidrag 8.-10. trinn, Offentlig, Alle trinn, Begge kjønn

Kort oppsummert viser diagram og tabellar over at skulane i Vindafjord bidrar mindre enn forventa i småskulen, omtrent som forventa eller litt over på mellomtrinnet og i varierende grad frå år til år på ungdomstrinnet.

Eit ekspertutval har på oppdrag frå Kunnskapsdepartementet sett på skulebidragsindikatorar som kvalitetsvurderingsverktøy, og dei har nyleg konkludert med at verktøyet treng gjennomgang og eventuell utvikling/ending.


## Gjennomføring i vidaregåande opplæring

### Grunnskulepoeng

Eksamens- og standpunktkarakterar viser elevane sitt utbytte av 10 års grunnskuleopplæring og dannar grunnlaget for vidare skulegang, studier og yrkesliv. Det er desse karakterane som utgjør elevane sine såkalla grunnskulepoeng.

Grunnskulepoeng blir rekna ut ved at alle karakterar som blir ført på vitnemålet etter 10. trinn blir lagt saman og delt på antall karakterar. Gjennomsnittet blir så multiplisert med 10. Dette gjeld både standpunktkarakterar og eksamensresultat. Dersom ein elev manglar karakter i meir enn halvparten av faga, skal det ikke reknast ut poeng for eleven. Grunnskulepoeng blir presentert som poenggjennomsnitt.

Grunnskulepoenga har betydning for kor sannsynleg det er at elevane gjennomfører og består vidaregåande opplæring. Det er derfor viktig å jobbe kontinuerleg med å auke elevane sine grunnskulepoeng. Vindafjord har eit systemsamarbeid med fylkeskommunen slik at det er mogleg å følgje elevane sitt skuleløp i vidaregåande opplæring.



Vindafjord kommune, Grunnskule, Grunnskulepoeng, Alle eierformer, Trinn 10, Begge kjønn

Når vi samanliknar elevane i Vindafjord med dei i Rogaland og heile landet, ser vi både at det ikkje er store skilnader for 2019, og at utviklinga dei siste fem åra har vore nokonlunde lik. Berre eitt av åra var dei samla grunnskulepoenga i Vindafjord noko lågare enn dei andre to i samanlikninga, men det var òg bare marginalt, slik ein kan sjå av diagrammet under.

Elevar som kjem til vidaregåande opplæring med karakter i færre enn halvparten av faga frå grunnskulen, blir beteikna som elevar med manglande grunnskulepoeng. I Rogaland auka andelen som gikk ut av grunnskulen med manglande grunnskulepoeng frå 2,3 prosent i 2009 til 5,3 i 2018. Her merkar Vindafjord seg ut i spesielt positiv retning. Kun 0,9 prosent av elevane som gjekk ut av grunnskulen i Vindafjord i 2019 mangla grunnskulepoeng. Dei andre kommunane i Nord-Rogaland hadde til dømes gjennomsnittleg 5,4 prosent elevar utan grunnlag for grunnskulepoeng. Denne låge prosenten har halde seg stabil over fleire år.

### **Utdanningsnivå**

Foreldra/dei føresette sitt utdanningsnivå viser seg å ha innverknad på både elevane sine grunnskulepoeng og for kor sannsynleg det er at dei fullfører vidaregåande opplæring.<sup>8</sup> Vindafjord har relativt sett færre personar med høgare utdanning enn landsgjennomsnittet.


Foreldra sitt utdanningsnivå blir berekna ved å finne differansen mellom andelen foreldre med grunnskule som høgaste utdanning og andelen foreldre med høgare utdanning. Dersom skåren til dømes er 17, betyr dette at kommunen har 17 % fleire foreldre med høgare utdanning enn foreldre med grunnskule som høgaste utdanning. Foreldra si støtte når det gjeld elevane sin læring og motivasjon betyr òg mykje for elevane sine læringsresultat. Dette er ikkje så lett å vise i tal.

### **Gjennomføring**

Elevar som fullfører vidaregåande opplæring har betre føresetnader for aktiv deltaking i arbeidsliv og samfunnet forøvrig på sikt. Dei siste nasjonale tala for gjennomføring er dei høgaste sidan målingane tok til i 1994. I 2019 er Rogaland tredje best i landet på gjennomføring etter fem år, med 78,1 prosent. Landsgjennomsnittet er 75,3 prosent. Sogn og Fjordane har høgast gjennomføring med 80,8, deretter kjem Akershus med 80,5. I grafen under ser vi samanlikninga mellom Rogaland og heile landet for dei tre siste kulla. (Kjelde: SSB). Statistisk sentralbyrå og Skoleporten opererer med litt ulike måtar å berekne kor elevar høyrer heime, tala kan såleis variere noko.

---

<sup>8</sup> [https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/\\_attachment/210120? ts=](https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/_attachment/210120? ts=)



For dei vindafjordelevane som starta i vidaregåande skule hausten 2013 (statistikk 2019) er tilsvarande gjennomføringsgrad 87,6 prosent Dette er opp 7,6 prosentpoeng samanlikna med målinga året før. Samla sett har Rogaland fylke hatt ein lågare auke enn Vindafjord. Det same gjeld snittet for landet. Vindafjord har ein høgare gjennomføringsgrad enn dei andre kommunane i Nord-Rogaland.

### Vurdering

Resultat i Vindafjord generelt (2019) varierer noko i høve til landsgjennomsnittet slik vi har vist tidlegare i dette kapitlet. Standpunkt og eksamen er i stor grad jamnt med dei vi har samanlikna med, medan Nasjonale prøver på nokre område ligg under. Det ser vi spesielt når det gjeld engelsk.

Når ein korrigerer for dei føresette sitt utdanningsnivå og ressursbruk, ligg Vindafjord imidlertid stort sett på snittet eller litt over forventa resultat, og elevane frå Vindafjord har ein signifikant høgare gjennomføringsgrad enn gjennomsnittet nasjonalt og regionalt i vidaregåande opplæring i 2019. Dette kan t.d. henge saman med at vindafjordelevane har særst få elevar med manglande grunnskulepoeng. Det er óg grunn til å rekne med at kvaliteten på skulen samla sett er ein viktig årsak.

På landsbasis er gjennomføringsgraden markert høgare på studieførebuande program enn på yrkesfag, og forskjellen innad mellom yrkesfaglege program er større enn mellom dei ulike studieførebuande programma. Det er positivt at Vindafjord har ein høgare gjennomføringsprosent enn gjennomsnittet både regionalt og nasjonalt, sjølv om ein relativt stor del av elevane i Vindafjord tradisjonelt vel yrkesfaglege program. 2019-statistikken for Vindafjord viser at om lag 40 prosent av elevane i 2013-kullet valde studieførebuande program (91,8 prosent gjennomføring), medan om lag 60 prosent valde ulike yrkesfaglege

program (84,7 prosent gjennomføring). Det inneber at òg vindafjordelevar med under 30 grunnskulepoeng har høg grad av gjennomføring på normert tid. Statistisk sett har desse elevane 20 prosents sjanse for å gjennomføre og bestå i løpet av fem år.

## 4. Vindafjordskulen i utvikling

Vindafjordskulen sitt mål er at elevane sitt læringsutbytte, både fagleg og sosialt, minst skal liggje på det nasjonale snittet. Fleire aktørar spelar viktige roller for å oppnå dette. Forsking, mellom anna frå John Hattie, viser at læraren er den viktigaste direkte premissleverandøren for elevane si læring. Samstundes seier forskning<sup>9</sup> noko om at læraren sin kompetanse er avhengig av ei kompetent skuleleiing som legg til rette for og er i stand til å leie profesjonelle læringsfellesskap for sine tilsette. Det er politisk og administrativ skuleeigar sitt ansvar å setje skuleleiarane i stand til dette.

Skuleeigarskapet legg til rette for prosessar som utviklar gode skuleleiarar. Gode skuleleiarar legg til rette for prosessar som utviklar lærarane sin kompetanse. Gode lærarar legg til rette for læringsprosessar som styrkar og utviklar elevane sitt læringsarbeid og læringsutbytte.<sup>10</sup> Elevane sin familie og bakgrunn og klasse- og skulemiljøet har og direkte påverknad på læringa.

I planperioden 2016-2020 har skuleeigar sett søkelyset på:

- Forskingsbasert praksis
- Læringsutbytte
- Kompetanse
- Samhandling

Deltaking i nasjonale, regionale og lokale satsingar som *Vurdering for Læring*, *Ungdomstrinn i Utvikling* og *Haugalandsløftet* har vore del av dette overordna biletet. Når vi i 2020 skal definere korleis Vindafjordskulen skal utvikle seg framover, er det naturleg å sjå dette i samheng med kommunen sin visjon og eksisterande planar, samt med ny strategiplan for skule og barnehage, som skal utarbeidast i løpet av 2021. Det inneber at detaljerte strategiar for utviklingsarbeidet vidare og konkrete tiltak i skulesektoren vil måtte kome på eit seinare tidspunkt. Likevel er det nokre grunnleggjande prinsipp og strategiar som vi allereie nå veit vil liggje til grunn for neste planperiode:

### Visjon og verdier

Skulane og barnehagane i Vindafjord har ein felles visjon og eit felles slagord:

*«Barnehage og skule skal saman gi alle elevar eit læringsløp der kvart einskild barn får oppfylt sitt fulle faglege potensial og blir eit trygt, aktivt og sjølvstendig menneske.»*

---

<sup>9</sup> Robinson, V. (2014), Stoll og Earl (2003 ), Stoll, Harris og Handscomb (2012) m.fl.

<sup>10</sup> Kenneth Leithwood, Karen Seashore-Louis (2011) Linking Leadership to Student Learning

Frå hausten 2020 skal resultatet av ein langvarig, nasjonal fagfornyingsprosess gradvis innførast i grunnopplæringa. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020 (LK20) består av Overordna del (01.09.17), fag- og timefordelinga og dei ulike fagplanane (18.11.19) og er forskrift til opplæringslova. Skulane i Vindafjord er allereie godt i gang med å realisere intensjonane i det nye læreplanverket. Overordna del av læreplanverket skal representere eit *verdiløft* i skulen. Det er naturleg at dette òg vil kome tydeleg fram i rulleringa av kommunen sin strategiplan for barnehage og skule.

Dei verdiane og prinsippa som vi set søkelys på vidare i dette kapitlet er sentrale i LK20.

### **Trygt og godt skulemiljø**

Elevane sitt skulemiljø er eit viktig satsingsområde for Vindafjord. Eit trygt og godt skulemiljø er ein føresetnad for trivsel og læring i skolen. Vindafjordskulen har nulltoleranse for mobbing, diskriminering, vald og rasisme. Retten til eit trygt og godt skulemiljø er slått fast i kapittel 9A og § 13-10 i opplæringslova (rev. og gjeldande frå 1. august 2017). Det er eleven si eiga oppleving av korleis ein har det på skulen, som er avgjerande.

Når eleven har ein rett til eit trygt og godt skulemiljø, har skulen og skuleeigar ei tilsvarende plikt til å sikre at elevane får denne retten oppfylt. Det skal arbeidast både systemretta og individretta. Kommunalsjef for oppvekst har det overordna ansvaret for at lova blir følgt. Dette arbeidet kan ein ikkje sjå isolert frå fagleg læring.

Folkehelse og livsmestring er eitt av tre tverrfaglege tema i det nye læreplanverket for grunnopplæringa som trådte i kraft i august 2020. Vi har gjennom forskning god kjennskap til korleis vi kan styrke elevar si psykiske helse og forebyggje psykiske plager. Mest effekt gir innsats som byggjer på psykologiske prinsipp og blir levert av lærarar som del av den vanlege undervisninga.<sup>11</sup> Alle elevar i Vindafjordskulen skal få ei kjensle av identitet og sjølvrespekt, at dei er noe, at dei har verdi. Dei skal få ei kjensle av mening i livet, at dei er ein del av noko større enn seg sjølv, at nokon treng dei. Alle elevar skal òg få ei kjensle av meistring, at det er noko dei får til. Dei må kjenne at dei høyrer til, er trygge på at dei kan tenkje, føle og utfalde seg utan å vere redde, og at dei er likeverdige deltakarar i ein fellesskap. Då må fagleg og sosial læring gå hand i hand. Det nye læreplanverket LK20 byggjer opp under denne tankegangen. Skulane i Vindafjord skal levere på dette, og det skal kome tydeleg fram i skuleeigar sine strategiar og planar. For å auke Vindafjordskulen sin kompetanse på området, deltar kommunen mellom anna i pulje 5 i det nasjonale læringsmiljøprosjektet i perioden 2020-22. Pågåande sertifisering i Olweusprogrammet (Bjoa

---

<sup>11</sup> Arne Holte, professor emeritus i helsepsykologi UiO. Kronikk: «Psyken er like viktig som matte og gym»

skule og barnehage og Skjold skule) er òg ein del av dette. Det same gjeld Læringsmiljøprosjektet (Utdanningsdirektoratet) som er beskrive under kapittel 2 over.

### **Tilpassa opplæring og spesialundervisning**

Skuleeigar har som mål at flest mogleg elevar skal få opplæring innan det ordinære opplæringstilbodet. Retten gjeld for alle elevar (jf. § 1-3 i opplæringslova) og inneber at elevane skal få tilpassa opplæring gjennom mellom anna variasjon i bruk av lærestoff, arbeidsmåtar, læremiddel, vurderingsformer, organisering og intensitet i opplæringa - progresjon og djupnelæring. Elevane har ulike førestander, treng å nytte ulike læringsstrategiar og har ulik progresjon i høve til nasjonalt fastsette kompetansemål. Tilpassa opplæring føreset at alle tilsette nyttar desse prinsippa. Når ein klarer å ivareta flest mogleg elevar innan tilpassa opplæring, skapar ein rom for meir fleksibel bruk av skulen sine ressursar og ei auka grad av inkludering av elevar med behov for særleg tilpassing. Eit spesielt søkelys på motivasjon, meistring og elevmedverknad slik det er skildra under, skal forsterke ein slik tilpassingsstrategi.

Dersom skulen er uroa for om ein elev får tilfredsstillande utbytte av opplæringa, skal skulen kartleggje eleven og prøve ut tiltak innanfor det ordinære opplæringstilbodet, før ein eventuelt ber PPT om å gjere ei sakkunnig vurdering om spesialundervisning etter opplæringslova § 5-1. Fleire elevar har samansette vanskar og komplekse utfordringar. I denne elevgruppa finn ein dei mest sårbare elevane som også er meir utsette for å bli krenka, og samstundes kan utfordringane deira bidra til at skulemiljøet kan opplevast utrygt for andre elever. Her må ein sjå samanhengen med arbeidet for å skape eit trygt og godt skulemiljø.

Kommunen har utarbeida samhandlingrutiner for skule og PPT, «Kvalitetssikring av eleven sitt læringsutbytte», med mål om felles forståing i samhandling for læring. Gjennom planen er det vedteke at ein skal nytta «Pedagogisk analyse» for å finna oppretthaldande faktorar om eleven ikkje får tilfredsstillande læringsutbytte i det ordinære, og at ein skal setja inn aktive tiltak, dokumentert i «Stafettlogg». Planen klargjer roller, ansvar og saksgang for vidare utgreiing eller om behovet for spesialundervisning treng vurderast.

### **Motivasjon, meistring og elevmedverknad**

Ein vanleg definisjon på motivasjon er: «... det som forårsaker aktivitet hos individet, det som holder aktiviteten ved like og det som gir den mål og mening.»<sup>12</sup> Motivasjon, innsats, meistring og fagleg utfordring har betydning for elevane si læring, og skulen bør alltid ha som mål å skape eit engasjement for skulearbeidet på alle trinn. Pedagogisk forskning slår fast

---

<sup>12</sup> Imsen, G, *Elevens verden*, 1991

at motivasjonen synk utover i skuleløpet, og fleire rapportar peikar òg på moglege årsaker til dette. Vi ser det same biletet i skulane våre, til dømes i elevundersøkinga.

Grunnleggjande faktorar i motivasjonsteori er medverknad, meistring, meining og og å høyre til. Behovet for dette aukar etter som elevane blir eldre, samstundes viser det seg at elevar på dei høgare trinna ofte opplever det motsette. Dei er mindre aktive i læringa, har lite valfridom, opplever at dei meistrar mindre samanlikna med dei andre, og kjenner seg ikkje alltid som ein del av eit lærande fellesskap. I denne samanhengen blir vurderingspraksis framleis viktig i skulane våre (jf. Satsing på Vurdering for Læring), spesielt det som handlar om eleven sin medverknad i vurderingsarbeidet, som er noko av det elevane på dei høgare trinna etterlyser. I ny vurderingsføresegn kjem elevmedverknad endå tydelegare fram enn før.<sup>13</sup> Det same gjeld heile det nye læreplanverket.

Det er sentralt for skuleadministrasjonen at arbeidet med *motivasjon og meistring* skal henge tett saman med og vere ein del av alt utviklingsarbeidet i Vindafjordskulen, som ein integrert del av det gjennomgåande arbeidet med elevane si læring og utvikling. Motivasjon fremjer læring og påverkar val, både i ein konkret læringssituasjon her og nå og på lengre sikt (Bandura, 1997). Det blir derfor viktig å skape engasjement for skulearbeidet på alle trinn. Aktive elevar som er involverte og medverkande i eiga og andre si læring og som blir inspirert til djupare forståing i og på tvers av fag, skal vere eit uttalt mål for skulane i Vindafjord. Vi legg såleis til grunn at pågåande og vidare satsingar på sikt skal skape og auke djupnelæring, motivasjon og engasjement for læring på alle nivå.

### **Desentralisert ordning for kompetanseutvikling – DEKOMP**

Det er viktig at ein maktar å skape og synleggjere heilskap og samheng mellom dei ulike aspekta som tilsaman skal ha eit inkluderande og motiverande skule- og læringsmiljø som mål. I 2017 innførte Kunnskapsdepartementet ei ny desentralisert ordning for kompetanseutvikling i skulen.<sup>14</sup> Det inneber at kommunar gjennom å gå saman i kompetanseregionar og inngå partnerskap med lokal høgskule/universitet får midlar til å drive skulebasert kompetanseutvikling. Satsingsområde blir fastsett på bakgrunn av lokale analyseprosessar på den enkelte skulen og i tråd med kommunale strategiplanar.

For Vindafjord kommune inneber det at alle skulane i løpet av ein seksårsperiode får tett rettleiing og oppfølging av Høgskulen på Vestlandet i tre semester. Spissing av tema for partnerskapet skal skje på den enkelte skulen, men skal vere i tråd med strategiplanar i kommunen (jf. del om 'Visjon og verdiar' over). Skular med samsvarande tema blir sett saman i 'klynger' på 2-3, dette kan òg skje på tvers av kommunar i NordR kompetanseregion. I inneverande periode er Vågen og Sandeid skular inne i ei slik ordning

---

<sup>13</sup> Forskrift til Opplæringslova, kapittel 3 (2020)

<sup>14</sup> Meld. St. 21, *Lærelyst – tidlig innsats og kvalitet i skolen* (2016-2017)

saman, tema er Lesing i alle fag, basert på analyse av behov, mellom anna av resultat på nasjonale prøver. Våren 2020 fekk Vindafjord kommune godkjend ein søknad om midlar gjennom internasjoniseringsprogrammet Erasmus+. Desse midlane er knytta opp mot partnerskapsarbeidet om lesing i alle fag ved Vågen og Sandeid skular, og skal i følgje søknaden bli brukt på eit internasjonalt kurs om lesing og litteratur. Kurset skulle etter planen vore gjennomført i oktober 2020, men pga. Koronasituasjonen er kurset utsett til oktober 2021.

Neste planlagte 'klynge' i Vindafjord har oppstart i 2021-22, og etter planen skal dei tre skulane med ungdomstrinn delta i den pulja. Kartlegging og analyse av data i ein førebuingssfasen skal vise kva som blir tema for partnerskapet med Høgskulen på Vestlandet. (Førebels ser skuleadministrasjonen for seg at dette òg vil handle om lesing.) Resten av skulane i kommunen vil gå inn i liknande partnerskap etter kvart.

### **Profesjonelle læringsfellesskap og leiarutvikling**

Som nemnt tidlegare i dette kapitlet, er elevane si læring, danning og utvikling avhengig av skuleeigarar, skuleleiarar og lærarar som legg til rette for medverknad, tilpassing, variasjon og kompetanse i tråd med læreplanverket og andre nasjonale og lokale styringsverktøy. Aktørar på dei ulike nivåa må difor stadig utvikle eiga kompetanse. Overordna del kap. 3.5 (LK20) slår fast dette i forskrifts form:

*Skolen skal være et profesjonsfaglig fellesskap der lærere, ledere og andre ansatte reflekterer over felles verdier, og vurderer og videreutvikler sin praksis.*

*Skoleeiere, skoleledere og lærere har ut fra sine ulike roller et felles ansvar for å legge til rette for god utvikling i skolen. De må sammen sørge for at skolens praksis er i samsvar med hele læreplanverket.*

*Lærere og ledere utvikler faglig, pedagogisk, didaktisk og fagdidaktisk dømmekraft i dialog og samhandling med kolleger. Utøvelse og utvikling av det profesjonelle skjønnet skjer både individuelt og sammen med andre. Faglig dømmekraft forutsetter også jevnlig oppdatering.*

*Lærerprofesjonen må derfor vurdere sin pedagogiske praksis for å møte enkeltelever og elevgrupper best mulig.*

Det er politisk og administrativ skuleeigar sitt ansvar å sørge for at leiarar og lærarar har høve til å vidareutvikle praksisen sin i tråd med desse prinsippa, og ny strategiplan skal inkludere mål og tiltak for dette. Administrativ skuleeigar vil etablere og drifte lærande nettverk på tvers av skular og kommunar som modell for vidare skulebaserte prosessar, spesielt i samband med innføringa av Læreplanen Kunnskapsløftet, LK20, men òg når det gjeld dei andre utviklingsområda som er som er behandla i dette kapitlet. Den desentraliserte ordninga for kompetanseutvikling nemnt over, skal bidra i denne samanhengen.